



Innkalling

av

Alver kommunestyre

Møtedato: 23.02.2023
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 10:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 10:00 Spørjetime
Oppsummering - lokaldemokratiundersøkinga KS

Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll
003/23	Rapport: gransking av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019
004/23	Melding frå kontrollutvalet
005/23	Årsmelding Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Alver 2022
006/23	Årsmelding Eldrerådet i Alver 2022
007/23	Klagesak på reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad
008/23	Mandat: Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035
009/23	Mjåtveit bufellesskap - kjøp av tomt
010/23	Lindås Bu- og servicesenter utvidet prosjekt "Atriet"
011/23	Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034
012/23	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
013/23	Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram
014/23	Oppfølging av vedtak - elevar frå tidlegare Åsheim kring
015/23	Oppstart kommunedelplan - Barnehage og skulebruksplan og vedtak om offentlig høyring og ettersyn planprogram
016/23	Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022
017/23	Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034
018/23	Justering av investeringsbudsjett for kyrkjeleg fellestråd – 2023 og 2024
019/23	Flytting av budsjettmidlar (investering) frå 2022 til 2023
020/23	Debatthefta II - 2023. Mellomoppgjøret 2023

021/23	Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land
022/23	Regional plan for fornybar energi - høyring
023/23	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt
024/23	Eigarskapsmelding del 1
025/23	Organisasjonsprosjekt Alver kommune
026/23	Endring i politisk styringsstruktur og reglement jf.vedtak i KO sak 182/22
027/23	Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023
028/23	Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røystekrinsar.
029/23	Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval
030/23	Uttreden frå politiske verv i Alver kommune/nyval
031/23	Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval U.off.
032/23	Søknad om fritak frå politiske verv U.off.
033/23	Melding/orientering til kommunestyret 23.02.2023
034/23	Spørsmål

16. februar 2023

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

16.02.2023 Protokoll KO 15.12.2022

1882689

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-049, TI-&14
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 21.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Rapport: gransking av sakshandsaminga i to personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet har fått framlagt rapport om lærarsakene, der det kjem fram at det har vore til dels alvorleg svikt i rutinar og etterleving av desse. Kontrollutvalet ber kommunestyret følge opp funna i rapporten og iverksette tiltak slik at liknande saker ikkje førekjem i framtida.

2. Det må sikrast at det føreligg rutinar og at desse er kjend og vert etterlevd av alle involverte partar. Kontrollutvalet ber om at kommunestyret gjev tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis rapporten har vorte følgd opp innan juni 2023.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Sjå vedlegg

Vedlegg i saken:

13.12.2022	2022 12 12 Møteutskrift sak 83_22_Alver kontrollutval	1850604
12.12.2022	Faktarapport Alver kommune	1850605
13.12.2022	Juridisk rapport Alver kommune	1850606

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033, TI-&17
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Melding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Melding/orientering:

- Møteprotokoll frå kontrollutvalet 12.12.2022

Vedlegg i saken:

12.12.2022 Protokoll - Alver kontrollutval

1850677

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
005/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Årsmelding Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Alver 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for 2022 vert teken til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Det kom ein merknad til årsmeldinga, som vil verta innarbeidd i teksten. Bortsett frå dette, vart årsmeldinga teken til orientering, samrøystes.

Revidert årsmelding ligg ved.

RMNF- 009/23 innstilling:

Årsmeldinga frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for 2022 vart teken til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I følgje politisk styringsstruktur for Alver skal rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

Saksopplysningar

Det vert lagt fram årsmelding for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for 2022 (sjå vedlegg).

Vedlegg i saken:

07.02.2023 Årsmelding-22_RMNF

1877679

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033, TI-&75
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/23	Eldreråd	06.02.2023
006/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Årsmelding Eldrerådet i Alver 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for Eldrerådet 2022 vert teken til orientering.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Eldrerådet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ER- 010/23 innstilling:

Årsmeldinga for Eldrerådet 2022 vert teken til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i eldrerådet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

I følgje politisk styringsstruktur og reglement for Alver skal eldrerådet kvart år leggja fram årsmelding til kommunestyret.

Saksopplysningar

Det vert lagt fram årsmelding for eldrerådet for 2022 (sjå vedlegg).

Vedlegg i saken:

14.02.2023 Årsrapport frå ER 2022____

1881387

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-1263201407,
Plannavn-1263-
201407, Komnr-
4631, FA-L13

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 07.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/23	Utval for areal, plan og miljø	18.01.2023
007/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Klagesak på reguleringsplan for fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Klager frå gbnr 118/1 og gbnr 126/7 i sak 20/1203 på vedtak med saksnr. 038/22 datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert ikkje teke til følgje.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.»

Utval for areal, plan og miljø 18.01.2023:

Handsaming:

Orientering og gjennomgang av saka v/Siril Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning og Merethe Tvedt-rådgjevar Plan og byggesak

Vigdis Villanger-Sp sette fram framlegg om å vedta innstillinga frå APM - 07.12.2022 men at følgjande setning vert teke ut:

"Revidert reguleringsplan skal gå via APM før kommunestyret får reguleringsplanen til slutthandsaming"

Utvalet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 012/23 innstilling:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følgje.

1. **Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1.** Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegnsområdet skal det stå:

Innanfor føresegnsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggjeplan leggast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomstveg til naboeigedomene gnr 118 bnr 2 og 11 må leggast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

Kommunestyret sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagencæs – gbnr 116/79
4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3
5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for Areal, plan og miljø, APM før den skal avgjerast i kommunestyret.

Dersom kommunestyret vel å ta klagen frå gbnr 126/7 til følgje med endringar som fører til endra plangrense og trasé, så må dette følgjast opp og gjennomførast som ein full ny planprosess.

Saksutgreiing og historikk:

Saka gjeld klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, Planid. 1263-201407, vist på plankart sist datert 20.08.2021 og med føresegner av revisjonsdato 20.08.2021.

Detaljreguleringsplanen er vedtatt av Alver kommunestyre i sak 20/1203 med saksnr. 038/22, datert 07.04.2022.

Klagesaka har vore handsama i Areal, plan og miljø, APM og Kommunestyret, KS tidlegare. Det kom tilsaman fem klagar på reguleringsplanen, kor alle var frå private grunneigarar. I samband med klagesaka har APM vore på synfaring 7.9.2022 og Vestland fylkeskommune som er forslagsstillar og vegeigar av fylkesvegen har haldt orientering. Saka er godt opplyst i saksframlegg til 1. gong, 2. gong og 3. gongshandsaming, samt klagesaka. Det blir vist til vurderingar gjort i desse framlegga i sin heilsskap.

I APM møte 7.12.2022 blei det gjort nytt vedtak i saka, og utvalet tok to av dei fem klagene (delvis og heilt) til følgje. Saman med vedtaket blei det gjort ei innstilling til administrasjonen om å ugreie konsekvensane som følgjer ved å ta desse klagene til følgje, før saka blir løfta

tilbake til APM og vidare til kommunestyret for ikraftsetjing. På den måten forsikrar APM seg at avgjerse i saka er i tråd med den intensjonen utvalet ønska å få til.

Nedanfor følgjer APM vedtak av 7.12.2022 sak 160/22, saman med administrasjonen si utgreiing av endringane som følgjer for detaljplanen. Vidare har administrasjonen vurdert saka, og gir sin innstilling til vedtak i APM.

APM tar igjen stilling til saka, og sender si innstilling vidare til kommunestyre for ikraftsetjing. Vedtaket i kommunestyret er eit enkelt vedtak, som berørte partar etter Fvl. § 28 har klagerett på.

Vedtaket frå APM av 7.12.2022, sak 160/22 har følgjande ordlyd:

«1. **Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1.** Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegningsområdet skal det stå:

Innanfor føresegningsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggeplan leggast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksveggar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomsveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

APM sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor. Revidert reguleringsplan skal gå via APM før kommunestyret får reguleringsplanen til slutthandsaming

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79
4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3
5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Bakgrunn:

Bakgrunnen for planarbeidet er at det i dag manglar tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesveg 57 på heile

strekninga mellom Lindås tettstad i sør og det sentrale næringsområda på Mongstad i nord. Mongstad har mellom anna landets største oljeraffineri, med forsyningsbase for olje og gass. Fylkesvegen er ei viktig ferdselsåre som bind næringsområde, senterområde og bustadområda saman.

Eksisterande veg har ein relativt låg vegstandard og har høg trafikkbelastning. Store delar av vegen har ein breidde på under 7,5 meter, og tilfredsstillar ikkje vegbreidda etter regelverket. Vedtatt reguleringsplan vil betre trafikktryggleiken både for harde og mjuke trafikantar.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg 10 km langs strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås til Mongstad. Detaljplanen består av 14 plankart, med tilhøyrande føresegner.

Om klagen:

Klagen som fekk medhald i APM er begge landbrukseigedomane, og gjeldt gbnr 118/1 (med lokasjon Tykhelle) og 126/7 (lokasjon Hope). Vedtaket i APM inneber endringar i plankart 3, 13 og 14, samt øv rige planmateriale.

Det blir vist til klagen i sin heilskap (sjå VEDLEGG 33 og 34) og saksutgreiing i klagesak 108/22. Under følgjer samandrag av klagen:

Frå Gbnr 118/1 Olav Kåre Tykhelle, gjeldt plankart 3:

I klagen blei det sett fram 2 hovudkrav:

• Krav 1: Landbruksundergang, dårleg sikt:

Vil ha landbruksundergang som sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fv. 57, samt sikrar trygg overgang for fotgjengarar og dyr.

Dårleg sikt:

Det er ikkje planlagt for kryssing for mjuke trafikantar frå nord mot sør i området eller for landbruksmaskiner og dyr. Det er høg fart i området og dårleg sikt både mot aust og vest.

• Krav 2: Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178

Tykhelle sin garasje må rivast for å opparbeide veg fram til Mongstadvegen 174 og 178. Regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 må leggjast om og opparbeidast parallelt med fv. 57 slik som på motsatt side av vegen, til Mongstadvegen 142.

APM tok klagen delvis til følgje med slikt vedtak:

«1. **Olav Kåre Tykhelle representert av Advokattfirmaet Harris – gbnr 118/ 1.** Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegnsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegnsområdet skal det stå:

Innanfor føresegnsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggjeplan leggjast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomstveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggjast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast..»

Endringar som følgjer i planmaterialet, som følgje av vedtaket:

Vedtaket inneber at det må gjerast endring på plankart 3, der kryss over garasje/uthus på gbnr 118/1 blir fjerna. Det blir vidare lagt inn ei føresegnsområde/ bestemmelseområde i plankartet. Føresegnsområde blir vist med diagonal skravur over det arealet føresegnsområde gjeldt for, etterfølgd av ein # med tall.

Det blir lagt til ei reguleringsføresegn som føl opp føresegnsområde med eigen føresegn som sikrar at det på byggjeplan blir lagt vekt på følgjande ved. gnr 118 bnr 1 mfl.. på Tykhelle:

- «· Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomstveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggjast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr

118 bnr 1 må rivast».

Konsekvens av endringane og resultat:

-Endringane inneber at ein utset/opnar for at endeleg detaljer av utforming av landbruksveg/avkøyering kjem på byggeplannivå. Endringane vil gjelde mindre justeringar/tilpassingar innanfor samferdselsformåla.

-Tilkomstvegen til gbnr 118/2 og 11 blir lagt om slik at garasje/uthus på gbnr. 118/1 ikkje må rivast. Dette krev ny prosjektering av SV12.

-Landbruksundergang blir ikkje sikra i planen med slikt vedtak. Det blir ikkje gjort endringar i planen for kryssing av fylkesvegen for fotgjengarar og dyr.

Administrasjonen si vurdering til endringa:

Planen opnar alt opp for mindre justeringar innafor areal avsett til samferdselsføremål. Det blir vist til føresegn 4.2.1 bokstav b) som tar med seg mykje av det APM ønsker å få justert ved å legge til nytt føresegnsområde i plankart 3, sjå då spesielt til siste setning:

«Mindre avvik ved samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som til dømes grunnforhold eller manglar i kartgrunlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål kan fråvike frå det som kjem fram av planen. Det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri».

Av vedtaket har ikkje APM imøtekommen grunneigar om undergang eller planfri kryssing av fylkesvegen. Det blir ikkje gjort nokon andre endringar ved avkøyeringar til SV10 i forhold til sikt. Lokalvegen frå SV10 til SV12 må på byggeplan prosjekterast på nytt slik at garasjen/uthuset til gbnr 118/1 får stå.

Føresegnsområde som blir lagt til sikrar at garasjen ikkje blir riven, utover det finn administrasjonen at dei andre forholda APM ønsker å sikre, er alt ivaretatt i føresegn 4.2.1 bokstav b).

Dersom intensjonen til APM var å endre på vegar og avkøyeringar på plankart og til rette legge for anna kryssing /-overgang av fylkesvegen må det skal gjerast med at det blir vedtatt at det skal gjerast endringar i plankartet. Eit slikt føresegnsområde er forbeholdt mindre justeringar, for det vil ikkje vera mogleg å vedta ein plan der det er motsetningar mellom plankart og føresegner.

Konklusjon:

Administrasjonen anbefaler at det ikkje blir lagt inn føresegnsområde på plankart 3. Dette inneber at garasje på gbnr 118/1 blir rive, og erstatning av den blir løyst i samband med grunnnerv.

Frå Gbnr 126/7 Liv Marit og Øyvind Hope, gjeldt plankart 13 og 14:

I klagen blei det sett fram 4 hovudkrav:

• Krav 1: Unngå tap av dyrka mark.

Det kan nyttast areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.

• Krav 2: Landbruksutkøyeringa behaldast - Avkøyrsløse til 126/7

Landbruksutkøyeringa gir tilkomst til det dyrka arealet vest for vegen. Denne forsvinn med ny plan.

• Krav 3: Unngå raud støysone for bustad

• Krav 4: Synfaring på klagars eigedom

APM tok klagen til følge, med slikt vedtak:

«..2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følge ved at

reguleringsplanen

ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet...»

Endringar som følgjer i planmaterialet, som følgje av vedtaket:

Vedtaket inneber at det må gjerast endring på plankart 13 og 14. Plankart 14 utgår, og plankart 13 blir teikna på nytt. Reguleringsføresegner, planomtale og øv rig plandokument må endrast på.

Konsekvens av endringane og resultat:

-Endringane av planmaterialet er store og omfattande.

-Når plankart 14 og til dels 13 utgår/blir fjerna, har ein ikkje lenger den samanhengande reguleringsplanen for fylkesvegen med gang og sykkelveg mellom Lindås og Mongstad, som var intensjonen med planarbeidet. Plankart 14 stoppar i kommunegrensa til Austrheim kommune. Herfrå har Austrheim kommune vedtatt *Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstad krysset, Planid. 2016002* kor den planlagde gang- og sykkelvegen er plassert på nordsida og treff kvarandre planmessig i kommunegrensa (VEDLEGG 35 viser plankart).

-At ein i klagesaka til reguleringsplanen no vedtar å avslutta plangrensa/fylkesvegen i profil 9110 (som er der innmarka på gnr. 126/1 startar), vil krevje at det først blir gjort både prosjekteringsarbeid og truleg grunnundersøkingar i området. Dette må til for å påsjå at ny avslutning stemmer med, og treff eksisterande veg (som no ikkje blir detaljregulert) både i forhold til stigningsforhold, linjeføring og kurvatur m.m. I kraftsetting kan soleis vera krevjande og truleg ikkje gjennomførbar. Samt vil det ta tid.

Av vedtaket har APM imøtekomme klagar på alle punkt, men har bevegde seg bort frå formål og intensjon for planarbeidet, om å fastsette areal til plassering og utforming/utbetring av eksisterande fylkesveg med vegstandard og dimensjonerings klasse U-H4 standard, samt etablere ny gang- og sykkelveg.

Administrasjonen si vurdering:

Å innskrenke plangrensa er svært uheldig, og administrasjonen vurderer at klagen ikkje kan imøtekommas slik.

Det vil også utifrå eit fylkes og regionalt perspektiv vera lite formålstenleg å kutta detaljplanen, då reguleringsplanen er vidareført i nabokommunen.

Administrasjonen ser også potensielle trafikkfarlege situasjonar når det «berre» manglar 500 meter med gang sykkelveg for å få eit fullverdig tilbod til Mongstad. Forslaget om å leggje siste rest av gang sykkelvegen via eksisterande kommunalveg til Hope vil ivareta mange mjuke trafikantar, men ikkje alle. Og andre mjuke trafikantar blir freista til å fortsetje vidare langs traseen (gjennom plankart 14), sjølv om det ikkje er tilrettelagt med gang- og sykkelveg der, til dei kjem inn igjen på gang-sykkelvegen i kommunegrensa til Austrheim. Strekinga er òg klart kortast enn via Hope, når destinasjonen er Mongstad nord, Kaland, Kjeilen eller vidare mot Austrheim.

Av vedtaket har APM imøtekommen grunneigar heilt, og administrasjonen forstår at intensjonen til APM er at landbrukseigedomen på gbnr 126/1 ikkje skal bli ytterlegare råka av fylkesvegen. Men på bakgrunn av eigedomens plassering i forhold til eksisterande veg kjem ein ikkje bort frå at eigedomen blir råka av vegutbygginga. Det blir vist til tidlegare utgreiingar for kvifor ikkje utbetringa og utrettinga kan leggjast meir mot Hope vatnet på motsett side av fylkesvegen, der konklusjonen var at landbrukseigedomen må ta arealtapet. Dersom kommunestyret likevel vel å ta klagen frå gbnr 126/7 til følgje med endringar som fører til endra plangrense og trasé, inneber det ein full ny planprosess.

Administrasjonen anbefaler at APM heller ser på ny løysing for gbnr 126/7 som ikkje inneber kutt i plankarta, men som likevel kan redusere arealbeslag for gbnr 126/7. Løysingar som skal

vurderast er at det blir lagt inn krav om at det frå profil 9110 på plankart 13 (der innmarka til gbnr 126/7 startar) til og med plankart 14 skal det i prosjekteringa/bygging sjåast på løysingar der breidda på rabatten mellom køyrebana og gang- sykkelvegen blir redusert ved å leggje inn fysisk skilje som mur eller autovern. Ein kan òg sjå på om det er mogleg å innskrenke arealet som blir lagt til annan veggrunn frå regulert gangveg mot 126/7.

Det skal på byggeplan sjåast på løysingar der gang/sykkelvegen blir lagt nærare køyrebana, utan at det går utover trafiksikkerheita, i tillegg skal ein sjå på løysingar om å innskrenke arealet som er avsett til annan veggrunn frå profil 9110 på plankart 13 t.o.m. plankart 14. Målet med om prosjekteringa og utforminga er å minske arealbeslaget på gbnr 126/7. Dersom APM vil leggje dette inn som forslag, må det leggjast inn føresegningsområde for dette arealet, med tilhøyrande føresegnar til.

Konklusjon:

Administrasjonen anbefaler at det ikkje blir gjort endringar i plankart 13 og 14. Dette inneber at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Til orientering:

Arealformål Annan veggrunn - grøntareal, SVG (sosikode 2019) må eigast av vegeigar/fylkeskommunen.

Men det er vanleg at det blir gjort avtalar mellom vegeigar og tidlegare grunneigar om vidare bruk der det lar seg gjere.

Arealet lagt med stipla skravur og merka #21 er midlertidig bygge- og anleggsområde. Desse areala blir tilbakeført til grunneigar etter at vegen er bygd.

Vedlegg i saken:

09.01.2023	Vedlegg 1 - Planskildding	1861912
09.01.2023	Vedlegg 2 - Føresegnar	1861913
09.01.2023	Vedlegg 3 - Plankart 1-14	1861914
07.01.2023	Vedlegg 4 - Støyrapport	1861915
09.01.2023	Vedlegg 5 - Fagrapport - Naturmiljø	1861916
07.01.2023	Vedlegg 6 - Fagrapport Økosystem i ferskvatn	1861917
07.01.2023	Vedlegg 7 - Fagrapport Marinkartlegging	1861918
07.01.2023	Vedlegg 8 - Fagrapport Naturressursar	1861919
07.01.2023	Vedlegg 9 - Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø	1861920
07.01.2023	Vedlegg 10 - Rapport - Nærmiljø og friluftsliv	1861921
07.01.2023	Vedlegg 11 - Geoteknisk rapport Statens vegvesen	1861922
07.01.2023	Vedlegg 12 - Ingeniørgeologisk rapport	1861923
07.01.2023	Vedlegg 13 - Rigg og marksikringsplan	1861924
07.01.2023	Vedlegg 14 - Faseplaner	1861925
07.01.2023	Vedlegg 15 - Notat - Sidevurdering Gang- og sykkelveg	1861926
07.01.2023	Vedlegg 16 - Notat innspill byggeplanfasen	1861927
07.01.2023	Vedlegg 17 - Støysonekart	1861928
07.01.2023	vedlegg 18 - Plan og profildeikningar	1861929
07.01.2023	Vedlegg 19 - Profildeikningar	1861930
07.01.2023	Vedlegg 20 - Normalprofil	1861931
07.01.2023	Vedlegg 21 - Landskapsplan	1861932
09.01.2023	Vedlegg 22 - VA plan	1861933
09.01.2023	Vedlegg 23 - Samlefil innkomne merknader 2.gongs offentleg ettersyn	1861934
07.01.2023	Vedlegg 24 - Merknadsskjema og endringsskjema - 2 gongs offentleg ettersyn 20.08.2021	1861935
09.01.2023	Vedlegg 25 - Merknader vurdert	1861936
09.01.2023	Vedlegg 25 - VA rammeplan	1861937
09.01.2023	Vedlegg 25 - Vurdering av merknader etter 2.	1861938

	gongshøyring	
07.01.2023	Vedlegg 26 - ROS-analyse	1861939
07.01.2023	Vedlegg 27 - Presentasjonsmodell	1861940
07.01.2023	Vedlegg 28 - Begrunning for linjeforing ved Hellestveit	1861941
09.01.2023	Vedlegg 29 - Vurdering av merknader etter 2.	1861942
	gongshøyring	
07.01.2023	Vedlegg 30 - Saksframlegg 1. gongshandsaming	1861943
07.01.2023	Vedlegg 31 - Saksframlegg, 2. gongshandsaming	1861944
07.01.2023	Vedlegg 32 - Saksframlegg 3. gongshandsaming - vedtak av plan	1861945
07.01.2023	Vedlegg 33 - Klage frå gbnr 118-1	1861946
07.01.2023	Vedlegg 34 - Klage frå gbnr 126-7	1861947
09.01.2023	Vedlegg 35 - Reguleringsplankart_fv. 57 Austrheim	1861948
07.01.2023	Vedlegg 36 - Uttale frå landbruksavdeling til klagen	1861949
07.01.2023	Vedlegg 37 - Fylkeskommunens svar på klage	1861950

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-145, FA-L70
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
009/23	Eldreråd	06.02.2023
008/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
008/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Mandat: Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg godkjenner mandat for «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035» jamfør vedlegg.

Utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe i planprosessen.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 009/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

RMNF- 008/23 uttale:

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:

Handsaming:

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg svara på spørsmål.

Alexander Helle-Raudt sette fram følgjande tilleggsframlegg knytt til nye kulepunkt under 3,3

Slik skal vi gjere det:

- Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging
- Vi skal i kommuneplanen sin arealdel utvikle føresegner som sikrar bustadsosiale tiltak i alle større utbyggingsprosjekt
- Vi vil vurdere pilotprosjekt knytt til utvikling av sosialt berekraftige bustader i samarbeid med

relevante private og/eller offentlege aktørar

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Utvalet vedtok samrøystes A. Helle sitt tilleggsframlegg.

HO- 016/23 innstilling:

Utval for helse og omsorg godkjenner mandat for «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035» jamfør vedlegg, ned følgjande tilleggspunkt under 3.3 Slik gjer vi det:

- Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging
- Vi skal i kommuneplanen sin arealdel utvikle føresegnar som sikrar bustadsosiale tiltak i alle større utbyggingsprosjekt
- Vi vil vurdere pilotprosjekt knytt til utvikling av sosialt berekraftige bustader i samarbeid med relevante private og/eller offentlege aktørar

Utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe i planprosessen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

[Planstrategi for Alver 2021-2024](#) legg til grunn at det skal utarbeidast bustadsosial handlingsplan.

[Alver kommune sin kommuneplan samfunnsdel 2022-2034](#) legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Døme på målformulering i samfunnsplan er her «*Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader*».

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga i kommuneplan, og er planlagt handsama i kommunestyre februar 2023. I denne kommunedelplanen ligg det framlegg om å utarbeide Bustadplan.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at det hastar med å starte planprosess for kommunal bustadplan. Dette er mellom anna relatert til kjende bustadbehov for ulike målgrupper på kort og lengre sikt, samt pågåande arbeid med å synleggjere arealbehov til helse-, sosial- og omsorgsføremål jamfør prosess kommuneplan arealdel.

Framlegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg skisserer modell for aktivitets- og meistringstrapp som eit visuelt hjelpemiddel i arbeidet med å dimensjonere innsats og tenester. Vidare skisserer ein ei bustadtrapp som syner ulike bustadtypar på 6 trinn, kva føremål/målgrupper bustadane har og korleis tilbodet er dimensjonert. Utviklingstrekk som vert omtalt i kommunedelplan helse, sosial og omsorg utfordrar oss til å utforme ein heilskapleg og framtidsretta bustadplan som konkretiserer ønska utvikling og kapasitet i planperioden.

Bustadplan skal slik omhandle alle trinn i bustadtrappa kombinert med aktivitets- og meistringstrappa, og synleggjere kommunen sine behov for bustader til ulike målgrupper i planperioden samt prioritere tiltak i handlingsdel.

Det er utforma framlegg til mandat for planprosess jamfør vedlegg.

Mandat er godkjent i administrativ styringsgruppe 20.01, og ein legg fram mandat for politisk godkjenning. Mandat legg til grunn at utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe for planprosess.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at utval for helse og omsorg godkjenner mandat for «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035» jamfør vedlegg.

Vidare vert det tilrådd at utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe i planprosessen.

Vedlegg i saken:

30.01.2023	Administrativ styringsgruppe - mandat bustadplan	1872240
------------	--	---------

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-611, FA-F17
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Alver formannskap	09.02.2023
009/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Mjåtveit bufellesskap - kjøp av tomt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kjøp av tomt gnr/bnr 322/82 – Mjåtveitstø, jf kommunestyrevedtak sak 070/22 om finansiering. Kommunestyret godkjenner at prosjekteringa av bustadene startar.

Alver formannskap 09.02.2023: Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 006/23 innstilling:

Kommunestyret godkjenner kjøp av tomt gnr/bnr 322/82 – Mjåtveitstø, jf kommunestyrevedtak sak 070/22 om finansiering. Kommunestyret godkjenner at prosjekteringa av bustadene startar.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Kommunestyret vedtok å forskottere for 8 stk omsorgsbustader + med vaktrom for personale, i Mjåtveitmarka, i møte 19.05.2022, KO-sak 070/22. Finansieringa bygger m.a. på tilskot frå Husbanken med 13 mill kr.

På grunn av at dette husbanktilskotet var ute av statsbudsjettet for 2023 ein periode, blei finansieringa og dermed framdrifta i vidare arbeid med prosjektet usikker. Etter at tilskotet kom inn att i statsbudsjettet, kunne arbeidet starte opp att.

Kommunen har meldt prosjektet inn til Husbanken, men sidan søknadsprosessen tar ei viss tid gjer kommunedirektøren framlegg om å kjøpe den aktuelle tomte før søknaden er avgjort. I tillegg er det behov for å starte prosjekteringa. Dette for å sikre eit godt teikningsmaterieell som


supplement til søknaden, og sikre tilgangen til den aktuelle tomte.

Kjøp av tomt før finansieringa (Husbanktilskotet) er fullt sikra krev godkjenning i kommunestyret.

Saksopplysningar

Sakshistorikk

Foreldregruppa for 6 barn (auka til 7) med nedsett funksjonsevne har fått dispensasjon frå krav om detaljrereguleringsplan, for å bygge bufellesskap for 8 stk. omsorgsbustader på GNR/BNR 322/82, i Mjåtveitmarka. Alver kommune forskotterer utbygginga og står som byggherre for prosjektet, jf. KO-sak 070/22.



Den aktuelle tomte var klar for overtaking i oktober 2022. Partane var einige om kjøpekontrakt, kjøpesum og vilkår. Like før signering av kontrakt vart det opplyst at regjeringa kom til å fjerne husbanktilskotet i forslag til statsbudsjett for 2023. I påvente av behandling av statsbudsjettet, vart kjøp av tomt og prosjektering sett på vent, sidan finansieringa av prosjektet dermed var usikker.

Husbanktilskotet kom tilbake i statbudsjettet, og kommunen er p.t. i søknadsprosjess med Husbanken. Kommunen har ingen garanti for tilskotet før søknaden er godkjent. Det må m.a. gjerast nokre endringar og sendast inn supplerande teikningsmateriell, og for å få det gjort på ein god nok måte må det hentast inn konsulenttenester for prosjektering.

Vurdering:

Tomte er regulert og lett omsetteleg. Bustaden er fråflytta og tomteeigar har ikkje lenger inntekter på eigeodomen.

Økonomiske konsekvensar

Både tomtekjøpet og prosjekteringskostnader er innafør prisestimatet og økonomisk ramme som vart godkjent i KO-sak 070/22.

Risiko

Dersom tomtekjøpet ikkje blir gjennomført, kan tomteeigar selge tomta til nokon andre, eller nytte tomta sjølv. Det er erfaringsmessig ikkje enkelt å finne eigna tomter til etablering av bufelleskap. Foreldregruppa har etter lengre tids arbeid funne denne tomta, som er godt eigna. Dersom tomta ikkje lenger er tilgjengeleg, er det ein relativt stor risiko for at prosjektet må skrinleggjast, evt utsetjast over lengre tid.

Risikoen for økonomisk tap for kommunen ved å kjøpe tomta før statstilskotet er gitt, er rekna for å vere liten. Tomta er salgbar.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren meiner at det er viktig å gå til innkjøp av tomta no, og starte prosjekteringa. Dialogen med Husbanken kan halde fram, med forventning om tilskot i 2023 eller 2024. Kommunen har ansvar for å yte tenester til målgruppa, og løysinga som foreldregruppa har arbeidd fram er hensiktsmessig.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-614
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
007/23	Alver formannskap	09.02.2023
010/23	Alver kommunestyre	23.02.2023
008/23	Eldreråd	06.02.2023

Lindås Bu- og servicesenter utvidet prosjekt "Atrief"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke ramma i prosjektet til 22,8 mill inkl. mva, ei auke på 4,6 mill. Ved å auke ramma vil ein, i tillegg til fellesareal for omsorgsbustadene, dekke behova til personalbase for heimetenesta. Midlane vert henta frå auka låneopptak.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Inger Marie Jordal-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og prosjekt orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 008/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:

Handsaming:

Roger Myksvoll-rådgjevar Prosjekt orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 013/23 uttale:

Utvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 007/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek å auke ramma i prosjektet til 22,8 mill inkl. mva, ei auke på 4,6 mill. Ved å auke ramma vil ein, i tillegg til fellesareal for omsorgsbustadene, dekke behova til

personalbase for heimetenesta. Midlane vert henta frå auka låneopptak.

Politisk handsaming

- Saka skal til utfale i eldrerådet og utval for helse og omsorg.
- Saka skal til innstilling i formannskapet.
- Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

- Prosjekt «Atriet» ved Lindås Bu- og servicesenter.
- Investeringsprosjektet kom inn i økonomiplanen for 2022-2025.
- Tiltaket består av ombygging av atriet (uteareal) til innvendig fellesareal og personalbase for bruk til omsorgsbustad pluss for eldre.
- Prosjektet er midt i konseptfasen. I denne fasen har det dukka opp ytterlegare behov for mellom anna garderobe. Det er vanskeleg å løyse oppgåva/dekke behova innanfor avsett ramme. Ved å utvide prosjektet noko, kan ein få til ein betre løysning for dei tilsette, i tillegg til behov for oppgradering av personalbasen for heimetenesta på Lindås.
- Før administrasjonen går vidare med å utarbeide eit komplett prosjektforslag, er det behov for ei avgjerse i forhold til om prosjektet skal utvidast i tråd med dette eller ikkje.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Omsorgsbustadene ved Lindås Bu- og servicesenter har behov for innandørs fellesareal for bebuarane.


Gjennom brukarmedverknad har det komme fram at det er behov for ytterlegare areal til garderober og personalbase til heimetenesta. I noverande ramme ligg det ikkje midlar til å dekke desse behova fullt ut.

Vurdering:


I arbeidet med prosjektet føreligg det pr. i dag to alternative hovudgrep.

Illustrasjonar av prosjektet:

1. Atriet utan mellombygg.



2. Atriet inklusiv mellombygg.



Alternativ 1) Atriet utan mellombygg:

Dette alternativet vil gje omsorgsbustadene nødvendig fellesareal. I tillegg er det teikna inn eit lite tilbygg med eitt kontor og toalett for personalet i heimetenesta. Vi får då etablert eit atrium i 2 etasjar, men mykje areal går vekk til heis og trapp. Konsekvensane er at ein ikkje fullt ut får dekkja behova for personalbase og/eller garderobe til heimetenesta. Base for heimetenesta må i tilfelle bli verande der dei er, og fortsette å ta opp plass på sjukeheimen. Denne løysinga er innanfor økonomisk ramme.

Alternativ 2) Atriet inklusiv mellombygg:

I forbindelse med kartlegging og utvikling av prosjektet har ein sett på moglegheiter for tilknytning/samanbygging av dei to eksisterande bygga på tomten. Hovudgrunnen til denne løysinga er at sjukeheimen allereie har etablert heis. Samanbygging vil difor løyse utfordringar knytt til universell tilgjenge til 2. etg. på ei arealeffektiv måte.

Dette alternativet vil gje omsorgsbustadene nødvendig fellesareal, dekke behov for garderobar og dekke behov for kontor/personalbase for heimetenesta. I tillegg vil areal på sjukeheimen, som i dag nyttast av heimetenesta, fristillast til sjukeheim.

Grovkalkyler av alternativ 2 (basert på Norsk Prisbok) viser at den økonomiske ramma er for låg. Sidan omfanget er utover vedteken ramme, er ikkje løysinga teikna ut i detalj endå. Det er behov for ei avklaring før ein eventuelt går vidare med dette alternativet.

Økonomiske konsekvensar for alternativ 2:

Total økonomisk ramme gitt til prosjektet: Kr 18.246.000.- inkl. mva.

Grove kostnadsoverslag for alternativ 2 pr. jan 23 = kr 17,5 mill.- inkl. mva.

Reknar vi med ei uforutsett-post på 30 %, ref. reglement for investeringsprosjekt, blir ny totalsum kr 22,8 mill. inkl. mva.

Uavhengig av om ein no vedtek å jobbe vidare med alternativ 1 eller alternativ 2, vil saka komme tilbake til politisk handsaming når prosjektforslaget for konseptfasen er ferdig utarbeidd. (Beslutningspunkt 2 (BP2) ref. reglement for investeringsprosjekt.)

Organisasjonsmessige konsekvensar, tenesteyting

Det planlagde tiltaket med overbygning og innreiing av atriet ved Lindås bu- og servicesenter medfører at dei 10 bustadene der kan endrast frå omsorgsbustader til omsorg+ bustader med heildøgns bemanning. Det betyr at tilbodet blir flytta frå Skrenten (der det er 6 omsorg+ bustader) og auka opp til 10. Skrenten blir endra til omsorgsbustader + for psykisk helse og rus.

Det er eit aukande behov for omsorg+ bustader med heildøgns bemanning, og denne endringa er med på å redusere behovet for sjukeheimsplass. Tenester kan leverast på rett omsorgsnivå. Dette i tråd med tilrådingane i kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg 2023 – 2034.

Ved å bygge saman omsorgsbustadene med sjukeheimen, vil personalbasen til heimetenesta også kunne bli samla i same bygget, og personalressursane kan nyttast på ein

betre måte. Samankoplinga med sjukeheimen gjev høve til samarbeid på tvers ved behov. Heimetenestene har ikkje tilfredsstillande garderoberom i dag, dette kan løysast i mellombygget. Prognoser for folketalsutvikling og alderssamansetting peiker på eit aukande tal eldre og eit aukande tenestebehov framover, med tilhøyrande auka behov for tenesteytarar. Det er av stor betydning at kommunen er attraktiv for rett fagkompetanse.

Kommunedirektøren si tilråding

Med dagens ramme kan ein løyse fellesareal for omsorgsbustadene, men det er vanskeleg å løyse personalbase og garderoberom for heimetenesta fullt ut.

Ved å auke ramma i prosjektet ser ein potensiale til ein mykje betre utnytting av midlane. Ein får løyst både personalbase for heimetenesta samt garderoberom. Ei samankopling med sjukeheimen i form av eit mellombygg gjev og høve til samarbeid på tvers av einingane.

Kommunedirektøren si tilråding er difor at kommunestyret vedtek å auke ramma i prosjektet til 22,8 mill inkl. mva, ei auke på 4,6 mill. Midlane vert henta frå auka låneopptak.

Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når prosjektforslag føreligg (BP2).

Arkiv: <arkivID><jplID>
PlanID-46312022000,
Plannavn-
Kommunedelplan
Helse, sosial og
omsorg, Komnr-4631,
FE-140

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 16.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Eldreråd	06.02.2023
007/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
004/23	Ungdomsråd	06.02.2023
015/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
011/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til planframlegget, og ser fram til vidare prosess med temaplanar i tråd med overordna plan.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 006/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til planframlegget, og ser fram til vidare prosess med temaplanar i tråd med overordna plan.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

RMNF- 007/23 uttale:

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Ungdomsråd 06.02.2023:

Handsaming:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

UR- 004/23 uttale:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**Handsaming:****May-Irene Wergeland-SP sette fram følgjande framlegg til innstilling:**

Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.

Planen gjerast tilgjengeleg i "Framsikt" og i pdf-format når den presenterast på heimesider og anna.

Utvalet vedtok samrøystes M.I. Wergeland sitt framlegg til innstilling.

HO- 015/23 innstilling:

Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.

Planen gjerast tilgjengeleg i "Framsikt" og i pdf-format når den presenterast på heimesider og anna.

Politiske handsaming

Saka skal til uttale i eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet. Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Alver kommune sin kommuneplan 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit.

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga. Kommunedelplan er ein overordna plan med eit tidsperspektiv på 12 år, og ein handlingsdel for dei komande 4 åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplan og handlingsprogram.

Planen er eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene, og skal vere eit styringsverktøy der ein kan sjå samanhengar. Planen gjev slik grunnlag for underliggande tema- og handlingsplanar samt verksemdsplanar hjå tenesteområda.

Saksopplysningar**Grunnlag**

Grunnlag for arbeid med kommunedelplan helse, sosial og omsorg er følgjande:

- [Alver kommunestyre sak 028/20 den 14.05.20: Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023](#)
- [Alver kommunestyre sak 143/20 den 26.11.20: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg – planprogram](#)
- [Alver kommunestyre sak 039/21 den 25.03.2021: Revidert planstrategi for Alver kommune 2021-2024](#)
- [Alver kommunestyre sak 071/22 den 19.05.2022: Kommuneplan for Alver 2022-2034 –](#)

samfunnsdel

- [Utval for helse og omsorg sak 038/22 den 04.10.22: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2022-2034 - høring og offentlig ettersyn](#)

Kommuneplanen sin samfunnsdel tar stilling til langsiktige utviklingstrekk for samfunnet vårt og kommunen som organisasjon. Med bakgrunn i utviklingstrekkene peiker samfunnsdelen ut mål og retning som ivaretar ønska utvikling for samfunnet vårt. Dei tre underliggende kommunedelplanane skal saman bidra til måloppnåinga i kommuneplan samfunnsdel. Desse planane er:

- Kommunedelplan oppvekst
- Kommunedelplan helse, sosial og omsorg
- Kommunedelplan kultur, frivilligheit og idrett

Utviklingstrekk knytt til demografiske og samfunnsmessige endringar utfordrar Alver kommune sitt samfunnsoppdrag på ulike område. Døme på dette er prioritering av ressursar, sikre tilstrekkeleg kompetanse og arbeidskraft, ha rett kapasitet til rett tid samt kvalitet i forvaltning og tenesteyting til ulike målgrupper i livsløpet. Handlingsval innan helse-, sosial og omsorg skal slik bidra til berekraftig utvikling, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv forvaltning og drift i sektoren.

Planprosess og medverknad

Planprogrammet til kommunedelplan helse, sosial og omsorg gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, plantema og opplegget for medverknad. Frå september 2020 til mars 2021 har vi hatt felles medverknadsprosess med kommuneplan samfunnsdel.

Medverknadsprosessen er samla i sju rapportar:

1. Melding frå folket
2. Nærsesterstudie
3. Samtalar med råda
4. Tenketank med næringslivet
5. Mitt Alver
6. Digital samfunnsdialog
7. Melding frå administrasjonen

Vidare har ein arbeida med administrativt medverknad frå alle tenesteområda i sektoren. Tema for medverknad har mellom anna vore knytta til tema frå planprogram:

- Demografi – Befolkningsutvikling og flyttemønster
- Helsefremming og utfordringar ein forventar i komande år
- Fellesskap, aktivitet og aktiv omsorg
- Sosial berekraft
- Lovpålagde oppgåver, bidra til prioritering av knappe ressursar
- Heilskaplege tenester
- Samarbeid og samhandling internt og eksternt
- Omstillings- og endringskompetanse, forbetningsarbeid

Utval for helse og omsorg har vore styringsgruppe for planprosessen. Ein har nytta arbeidsmøte med styringsgruppa for kunnskapsdeling og arbeid med målformuleringar relatert til kommuneplanen sin samfunnsdel. Ei rekke fagbaserte presentasjonar har gjeve grunnlag for samtalar mellom fag og politikk i forarbeidet. Presentasjonar og referat frå arbeidsmøta har vore del av prosessarbeidet og kunnskapsgrunnlaget for framlegg til plantekst.

Styringsgruppa sine arbeidsmøter:

08.02.22
07.03.22
31.03.22
22.04.22
09.05.22
24.05.22
01.06.22
17.06.22
12.09.22
17.01.23

Administrasjon har prosjektorganisert planarbeidet med administrativ prosjektgruppe inklusiv representasjon frå hovudtillitsvalde. Vidare har ein nytta referansegruppe for innspel/synspunkt. Referansegruppe har mellom anna vore samansett av representantar frå ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ulike lag- og organisasjonar, vekstbedrifter og næringsliv. I tillegg er spesialisthelsetenesta ved Haraldsplass Diakonale sjukehus og Helse Bergen v/Haukeland Universitetssjukehus oppmoda om å kome med innspel i planprosessen.

Referansegruppa sine møter:

10.03.22
18.05.22
08.06.22
13.09.22

Oppbygging av plan

Kommuneplan samfunnsdel er førande for kommunedelplan helse, sosial og omsorg (KDP HSO). Kommunedelplan helse, sosial og omsorg er eit overordna sektorbidrag og styringsverktøy innanfor rammer som lov og forskrift samt andre nasjonale og lokale føringar. For å synleggjere samanheng i plansystemet er det ikkje formulert eigne målkapittel i kommunedelplan helse, sosial og omsorg. Styringsgruppa har valt ut mål og strategiar frå kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2034 som er relevante for KDP HSO.

Kapittel 1 omhandlar forankring i planhierarki, mål og målgrupper for plan samt medverknad og prosess i arbeidet med å utarbeide plantekst.

Kapittel 2 omhandlar aktuelle nasjonale og regionale føringar for sektoren. Forvaltning og tenesteyting innan helse-, sosial- og omsorg er i all hovudsak styrt av lov og forskrift, og vi har vidare tilslutta oss ulike regionale samarbeidsområde med tilhøyrande mål, strategiar og ressursinnsats.

Kapittel 3 viser prognoser for utviklingstrekk for kommunen vår. Vi må vurdere og einast om prioriteringar av mål og vegval for samfunnsutviklinga i høve utviklingstrekkka, og sjå desse saman med noverande kapasitet i tenestene.

Kapittel 4 synleggjer at tenester innan helse-, sosial- og omsorg vert ytt i heile livsløpet, på ulike nivå og til ulike målgrupper. Vi nyttar modell for aktivitets- og meistringstrapp samt bustadtrapp for å visualisere omfang. Her vil ein m.a. få oversyn på kva type tenester og kapasitet vi har i kommunen, samt invitere til debatt, prioriteringsval og beslutningsstøtte for ønska utvikling og dimensjonering av tenester og butilbod med mål om å kunne gi rett teneste på rett nivå.

I kapittel 5 ønskjer vi å tematisere grunnlag for ulike vegval vi vil fokusere på i planperioden. Dette er og relatert til tema som vart omtalt i planprogrammet for KDP HSO. Med grunnlag i kapittel 2, 3 og 4 vert det kort gjeve argumentasjon for strategiar og handlingsval.

I kapittel 6 er mål og strategiar omsett til handlingsval i form av oppdrag og tiltak. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg er overordna og det er trong for å konkretisere ulike tema meir detaljert via tema- og handlingsplanar med tilhøyrande tiltak for å synleggjere økonomiske verknader med vidare. Oppsummering av vidare arbeid med tema- og handlingsplanar finn ein i kapittel 7. Framlegg vedtak plantekst i Framsikt: [Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034](#) Det er utforma ein kopi av plantekst i pdf.format versjon 27.01.23 jamfør vedlegg.

Mål og vegval

For å prioritere mål og vegval for utviklinga har kommunedelplan helse, sosial og omsorg mellom anna fokus på:

- Frivillige og pårørande som ressurs – vi vil ta samfunnet sine samla ressursar i bruk for å løyse morgondagens utfordringar.
- Tidleg innsats, helsefremmande arbeid og førebyggjande verksemd – vi vil styrke arbeid med universelle strategiar for heile befolkninga i heile livsløpet.
- Tenester der folk bur og til rett tid – vi vil ha eit variert butilbod, beste effektive nivå på tildeling av tenester samt rett kapasitet på alle nivå i aktivitets- og meistringstrappa.
- Meistring, deltaking og arbeid.
- Tenester som er koordinerte og verkar saman.
- Personell, kvalitet og kompetanse – vi vil ha meistringsorientert leiing og kunnskapsbaserte tenester.
- Nye kunnskapsbaserte arbeidsmetodar og velferdsteknologi – vi må ta i bruk nye løysingar som er effektive, forenklande og gjer det mogleg å bu heime lengre.

Høyringsperiode og innspel

Utval for helse og omsorg vedtok sak 038/22 den 04.10.22 å sende planutkast på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist vart sett til 01.12.22.

Høyringsperioden gav 10 innspel. Administrasjon har vurdert innspela og presentert vurderingane for styringsgruppa i møte 17.01.23. Samla framstilling av vurderingar knytta til dei ulike innspela ligg som vedlegg - «Vurdering høyringsinnspel KDP HSO 24.01.23».

I all hovudsak er innspela vurdert som argumentasjon som støtter opp om plantekst slik den ligg føre, eller som innspel til vidare arbeid med konkretisering i ulike tema- og handlingsplanar. Dei innspela som medførte endring/justering av plantekst er innarbeida. Øvrige endringar er relatert til korrektur/språkvask.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at arbeidsprosess der styringsgruppa aktivt har bidratt til utforming av kommunedelplan helse, sosial og omsorg har vore omfattande og god. Planprosess stettar krav til medverknad frå ulike partar.

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg ivaretar intensjon om å vere ein overordna sektorplan som skal bidra til måloppnåing jamfør kommuneplan sin samfunnsdel.

Vidare legg kommunedelplan helse, sosial og omsorg føringar for yttarlegare konkretisering og detaljplanlegging via komande arbeid med t.d. tema- og handlingsplanar relatert til både aktivitets- og meistringstrappa samt bustadtrappa.

Økonomiske konsekvensar

I handlingsdelen kapittel 6 er det 2 tiltak med økonomisk konsekvens. Ingen av desse tiltaka er

per tid tatt inn i økonomiplan 2023-2026. Det eine tiltaket er knytta til prøveordning 2023 kommunalt følgje på ferie og fritidsreise, og det andre tiltaket er ny stillingsressurs koordinator for frivillig innsats i sektor helse og omsorg.

Dei øvrige handlingsvala har per tid ikkje konkrete økonomiske verknader, anna enn administrative ressursar for utgreiing/planarbeid samt kontinuerleg leiing, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift.

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg er overordna og det er trong for å konkretisere ulike tema meir detaljert via tema- og handlingsplanar. Desse planane vil ha eigne handlingsdelar med tilhøyrande tiltak for å m.a. synleggjere økonomisk verknad. Dømer på slike tema- og handlingsplanar er:

- Kommunal bustadplan (tidlegare bustadsosial handlingsplan)
- Psykisk helse og rusmestring (tidlegare ruspolitisk handlingsplan)
- Plan for heilskapleg demensomsorg
- Plan for det førebyggjande arbeid
- Plan for legetenesta
- Plan for samhandling frivillige, lag og organiasjonar og kommune
- Plan for velferdsteknologi for barn, unge og vaksne i eit tverrsektorielt perspektiv

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.

Framlegg vedtak plantekst i Framsikt: [Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034](#)

Vedlegg i saken:

08.12.2022	Høyringsuttale - Kommunedelplan helse, sosial og omsorg - Særutskrift fra møte i Ungdområdet 07.11.2022, sak 39/22	1848995
08.12.2022	Høyringsuttale - Kommunedelplan helse, sosial og omsorg - Særutskrift fra møte i RMNF 07.11.2022, sak 49/22	1848677
18.11.2022	Høyringsuttale - Kommunedelplan helse, sosial og omsorg - Særutskrift fra møte i Eldrerådet 07.11.2022, sak 46/22	1837276
01.12.2022	Lindås Pensjonistlag - Høyringsuttale - kommunedelplan helse, sosial og omsorg	1845529
02.12.2022	Statsforvaltaren i Vestland - Fråsegn til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg -	1846026
01.12.2022	Fysio/ergoterapitenesta og hjelpemiddellageret - Høyringsuttale	1845172
01.12.2022	Fysio/ergoterapitenesta og hjelpemiddellageret - Kommenterar til Hovudmåla i KDP HSO	1845260
01.12.2022	Kari-Anne Simonsen - Høyringsuttale	1845211
31.10.2022	Stian Lavik - Høyringsuttale - kommunedelplan helse, sosial og omsorg	1826498
01.12.2022	Friskliv og Meistring Nordhordland - Høyringsuttale	1845215
01.12.2022	Friskliv og Meistring Nordhordland - Kommenterar til hovudmåla	1845216
01.12.2022	Friskliv og Meistring Nordhordland - Oversikt - årsverk	1845217
01.12.2022	Friskliv og Meistring Nordhordland - Særavtale	1845218

21.11.2022	Tenesteleiargruppa i Oppvekst - Innspel høyring KDP helse, sosial og omsorg	1839006
30.01.2023	Kommunedelplan helse sosial og omsorg 2023-2034 versjon 27.01.23	1872569
30.01.2023	Vurdering høyringsinnspel KDP HSO 24.01.23__	1873018

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-144, FA-F03
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
003/23	Eldreråd	06.02.2023
007/23	Ungdomsråd	06.02.2023
012/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
021/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
012/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar blir vedteke

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon- og jordmortenesta orienterte i saka. Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

RMNF- 004/23 uttale:

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon- og jordmortenesta orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet ser positivt på innføring av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, og rådet vil framover følgja opp at planen fungerer som tiltenkt.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 003/23 uttale:

Eldrerådet ser positivt på innføring av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, og rådet vil framover følgja opp at planen fungerer som tiltenkt.

Ungdomsråd 06.02.2023:

Handsaming:

Orientering i saka v/Kjersti Marøy

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

UR- 007/23 uttale:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:**Handsaming:****Fellesframlegg:**

OKK sluttar seg til planen og ber om jamnleg oppfølging / orientering av planen.

OKK- 021/23 innstilling:

OKK sluttar seg til planen og ber om jamnleg oppfølging / orientering av planen.

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**Handsaming:**

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmorteneste orienterte og svara på spørsmål.

Kirsti Gjetle Floen-AP sette fram følgjande tilleggsframlegg til uttale:

Utval for helse og omsorg sluttar seg til planen og ber om jamnleg oppfølging av planen.

Utvalet vedtok samrøystes Gjetle Floen sitt framlegg til uttale.

HO- 012/23 uttale:

Utval for helse og omsorg sluttar seg til handlingsplan mot vald i nære relasjonar og ber om jamnleg oppfølging av planen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet, utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar**Bakgrunn**

Ein kommunal handlingsplan mot vald og overgrep er ein strategi i Alver kommune sitt førebyggjande arbeid for å bekjempe vald og overgrep. Handlingsplanen har eit livsløp-perspektiv, og omfattar alle innbyggjarar i kommunen. Planen skal bidra til at kommunen har eit førebyggjande fokus på temaet, og at berørte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Planen er ein handlingsplan knytt til tema og ikkje til eit spesifikt fagområde. Den er ein del av kommunen sitt plansystem, som består av fleire plantypar og er styrt av Alver kommune sin planstrategi.

Planen inneheldt tiltak som skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med innbyggjarane våre, skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Målgruppa for Handlingsplanen er alle tilsette og innbyggjarar i Alver kommune.

Planen er ein digital plan, som vert gjort tilgjengeleg for både tilsette i Alver kommune, samt alle innbyggjarar i kommunen via Framsikt. Planen skal vere utgangspunkt for vidare arbeid med temaet på avdelingane i kommunen, samt eit verktøy som skal setje både tilsette og innbyggjarar i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer.

Oppbygging av planen

MÅL:

Hovudmålet i planen:

Innbyggjarar i Alver skal leve sine liv utan vald og overgrep.

Det er i tillegg formulert tre delmål som skal byggje opp under hovudmålet med innhald og meining:

- *Handlingsplanen skal bidra til å styrke kunnskapsnivået hjå tilsette i kommunen og vidareutvikle samhandlinga mellom faggrupper og tenester i kommunen*
- *Tilsette i Alver kommune har kunnskap om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og hjelper den som er utsett for vald, og den som utøver vald*
- *Handlingsplanen skal gje innbyggjarar i Alver kunnskap om vald i nære relasjonar, og setje dei i stand til å våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle*

TILTAKSPLAN:

Handlingsplanen har ein tiltaksplan som skildrar tiltak for å oppnå måla. Tiltaksplanen inneheld konkrete tiltak retta mot tilsette i Alver kommune, som synleggjer ansvar og deltakarar i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Tiltaksplanen er delt i nye tilrådde tiltak og eksisterande tiltak. Tiltaka omhandlar førebyggjande arbeid, avdekking av vald og kompetanseheving. Tabellen med eksisterande tiltak er ei oversikt over arbeidet som allereie er igangsett i dei ulike tenestene knytt til dette temaet. Nye tilrådde tiltak er basert på hovudmålsettinga, innspel frå medverknadsprosessane, samt avdekking av manglar i eksisterande tiltak.

HANDLINGSKORT:

Handlingskorta er meint å vere eit verktøy som skal bidra til at alle tilsette og innbyggjarar skal våge å sjå, våge å spørje og ha mot til å handle slik at vald og overgrep opphøyrer. Det er utarbeidd eit handlingskort som er retta mot bekymring for born og eit for vaksne.

Handlingskorta inneheldt ein QR – kode som fører vidare til nettside på Alver kommune med oppdatert informasjon.

Planprosess

Arbeidet med planen har vore prosjektorganisert med ei tverrfagleg samansett gruppe med representantar frå oppvekst, helse & omsorg og NAV. RVTS (Regionalt ressursenter om vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging) bistod prosjektgruppa i oppstarten av arbeidet. I medverknadsprosessen har ein arbeidd saman med dei ulike politiske råda og interne og eksterne tenester/samarbeidspartar. Det har vore gjennomført to referansegruppemøter/workshopar med inviterte frå dei nemnte gruppene. I etterkant av desse møta har prosjektgruppa jobba med innspela og inkludert dei i planen. Prosjektgruppa har hatt internt samarbeid med Plan og analyse og Kommunikasjonsavdeling om utarbeiding og oppsett av plan i Framsikt, samt utarbeiding av handlingskorta.

HØYRING

06.09.22 gjorde utval for oppvekst kunnskap og kultur vedtak om at framlegget til Handlingsplan mot vald i nære relasjonar vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn med ein høyringsperiode på seks veker. I høyringsperioden kom det inn 9 innspel. Innspela kom frå politiske råd, ulike avdelingar i sektor oppvekst og helse og omsorg, samt frå RVTS (ressursenter for vald og traumatisk stress). Høyringsinnspela er gjennomgått og vurdert i prosjektgruppa og innhald i plan og handlingskort er justert.

Lenke til plan i Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/plan/alver/plan-4e8e3a0e-2e16-41b8-9565-119cf3a84d3b-23861/>

Vedlegg i saken:

30.01.2023 Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

1873038

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-140
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/23	Ungdomsråd	06.02.2023
007/23	Eldreråd	06.02.2023
005/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
009/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
013/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Planprogram for kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 slik det ligg føre.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til planen slik den er lagt fram.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 007/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til planen slik den er lagt fram.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

RMNF- 005/23 uttale:

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Ungdomsråd 06.02.2023:

Handsaming:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

UR- 005/23 uttale:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Laila Bjørge-Sp bad om vurdering av sin habilitet grunna medlemskap i prosjektgruppa for planen. Utvalet vurderte henne samrøystes som ugild og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 009/23 innstilling:

Kommunestyret vedtar Planprogram for kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 slik det ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtok i møte 8. november 2022, sak 065/22, å varsla oppstart av arbeidet med kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 og å leggja planprogrammet ut på høyring med høyringsfrist 8. januar 2023. Denne saka gjeld endeleg vedtak av planprogrammet.

Bakgrunn

Kulturminneplan er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024, som vart vedtatt i kommunestyret 25. mars 2021 (sak 039/21). I Stortingsmelding 16 (2019–2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold vart omgrepet kulturmiljø tatt i bruk som samlenemning på omgrepa kulturminne, kulturmiljø og landskap og vert brukt når feltet vert omtalt som heilskap. Som ei følgje av dette vil omgrepet kulturmiljøplan verta nytta i det følgjande.

Planstrategien seier at kulturmiljøplanen skal ha status som temaplan. For temaplanar er det ikkje krav om å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova, men ved å følgja desse prosesskrava sikrar ein høve til brei deltaking og involvering i planprosessen. Det vert difor lagt opp til å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova i planarbeidet, og i tråd med dette er det det utarbeidd framlegg til planprogram for kulturmiljøplanen.

Saksopplysningar

Planprogrammet gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, målsetjingar med planen, føremål, føringar for planarbeidet, aktuelle tema for planen, planprosess, medverknad og framdriftsplan. Det er lagt opp til at kulturmiljøplanen skal dekkja heile kommunen og alle tidsepokar, og at ein dermed i løpet av planprosessen også skal vurdere om bygningar eller andre objekt frå vår tid skal prioriterast i planen. Planen er avgrensa til å omhaldla faste, materielle kulturminne og samlingar. Immateriell kulturarv vert omhandla i Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Vedtaket i utval for oppvekst, kunnskap og kultur om å varsla oppstart av planarbeid og å leggja framlegg til planprogram ut på høyring vart kunngjort i fellesannonse i lokalavisa 23. november og 14. desember, på kommunen si nettside, facebook-side og på facebook-sida Kulturminne i Alver. Det vart i tillegg sendt skriv til aktuelle offentlege høyringsinstansar, Alver kulturråd og Alver idrettsråd og lag og organisasjonar i kommunen.

Det kom i løpet av høyringsperioden inn ni innspel til utkast til planprogrammet. Desse er presenterte og vurderte i tabellen nedanfor.

Vurdering av innspel

Avsendar	Innspel	Vurdering
Roger Gjerstad	Innsendar er opptatt av at ein	Eit av måla i

	<p>kulturmiljøplanen må vektleggja skapande aktivitet, kunst, kunstvitenskap og fornying.</p>	<p>planprogrammet er å «skapa større interesse for kulturminne- og kulturmiljø». Innspelet er relevant for planen sitt tema 4. Strategiar og tiltak.</p>
Kystverket	<p>Kystverket peikar på at maritim verksemd, bruk av sjøen og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk, alltid har vore ein naturleg del av vårt samfunn og kultur. Kysten vår har vore ei ferdselsåre frå dei tidlegaste tidene. Frå mellomalderen byrjar me å finna dei første kjente elementa i den maritime infrastrukturen. Kystverket si heimeside er eit godt utgangspunkt for informasjon til det vidare arbeidet. Kystverket la i 2009 fram ein landsverneplan for maritim infrastruktur. Landsverneplanen kan etter kystverket sitt syn vere eit godt dokument og sjå til høve med kommunen sitt arbeid med kulturmiljøplan. I planen er det informasjon om Lindås sjøsluser som er ei av to sjøsluser i Norge.</p>	<p>Landsverneplanen skal gåast gjennom i samband med planarbeidet. Innspelet vert tatt til etterretning.</p>
Statens vegvesen	<p>Den Trondhjemske postveg vart etablert som første hovudveg på Vestlandet i 1790- åra. Postvegen går gjennom Alver kommune frå Isdalstø i sør til Fonebust i nordaust. Postvegen er eit nasjonalt kulturminne som har stått sentralt i postgangen mellom Bergen og Trondheim. Postvegen viser korleis ein bygde veg på denne tida og korleis han vart lagt iterrenget. Postvegen inngår i Statens vegvesen sin Nasjonal verneplan for vegar og vegrelaterte kulturminne. Gjennom Alver kommune er det i dag igjen mange flotte strekningar etter denne hovudvegen, med vegelement som bruer og klopper. Statens vegvesen som grunneigar ønskjer å ta vare på denne hovudvegen for komande generasjonar. Dei ber difor om at det i arealdelen til kommuneplanen vert lagt inn ei omsynssone langs vegen på 10 meter på både sider av han. Føresegner: Den Trondhjemske postveg er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er difor lagt ei omsynssone i plankartet langs postvegen, med ei utstrekning på 10 meter frå kant av vegen på både sider. Det skal ikkje finne stad fysiske tiltak innanfor denne omsynssona. Dersom det likevel skulle vere tiltak ein ønskjer å realisere innanfor dette</p>	<p>Det er allereie omsynssone langs heile postvegen i kommuneplanen sin arealdel. Innspelet om omsynssone på 10 meter på begge sider av postvegen og forslag til føresegner vert vurdert i samband KPA.</p>

	<p>arealet, eller tiltak inærleiken av postvegen som kan få innverknad på han, så skal saka sendast over til Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune for vurdering. Dette tilhøvet må sikrast i føresegnene. Statens vegvesen har utover dette ikkje vesentlege merknader til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram.</p>	
Lindås sogelag	<p>Lindås sogelag har den største gjenstandssamlinga i regionen. Dei peikar på at for å få full nytte av denne treng kommunen faste tiltak som kan fungera når eldsjeler er borte og nye generasjonar står framande for si eiga historie. Planprogrammet må difor ta for seg oppretting av eit lokalhistorisk museum, og tilsetjing av formidlingspersonale med kulturhistorisk og museumspedagogisk bakgrunn. I tillegg treng den store samlinga tilfredstillande magasin. Dette gjeld heile samlinga også båtane sogelaget har i Kraftlagsbygget i Alversund og i ishuset på Myksvoll. Samlinga treng å bli tatt hand om av fagfolk som har ressursar (tid, pengar og kunnskap) for å sikre gode oppbevaringsforhold. Det hadde vore ynskjeleg at museet og samlinga var lokalisert på ein lett tilgjengeleg plass, då særleg med tanke på skuleklassar og viktigheita av å læra å kjenna si historie. I tillegg vonar me at Sissel-Anny Hjelmtveit si samling av dampbåthistorie, bilhistorie og veghistorie med film og gjenstandar som ho har i museet «Gamle Seimstrand» i Seim, også kan få ein plass</p>	<p>Oppretting av lokalhistorisk museum og magasin er omtalt i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Problemstillingane vil også verta handsama i denne planen.</p>
Sissel Anny Hjelmtveit	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ynskjer at det tittelen Kyrkjer og prestegardar tar med gamle kyrkjegardar, gamle vegfar for prestar og kyrkjegjengarar. 2. I punktet Kommunikasjon og samferdsel vonar eg at gamle ferdelsveggar kan presiserast og få meir verdi for kommunen og innbyggjarar enn dei får i dag, ved at utbyggjarar, grunneigarar og andre ikkje kan få øydeleggja eller stengja gamle ferdelsveggar, der forfedrane våre gjekk. 3. Under siste punktet, Samlingar, vonar 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tittelen vert endra til Kyrkjer, kyrkjegardar og prestegardar. Kapitlet vil omhandla gamle kyrkjegardar, men og verneverdige gravminne på nyare kyrkjegardar. 2. Gamle ferdelsårer skal kartleggjast i samband med planarbeidet, og det vil verta vurdert omsynssone for ein del av dei. 3. Museet «Gamle

Lindås bygdelaag	<p>eg at samlinga av dampbåthistorie, bilhistorie og veghistorie med film og gjenstandar som eg har i museet «Gamle Seimstrand» i Seim, også kan få ein plass.</p> <p>4. Lindås bygdelaag ynskjer at Lindåstunet (bygg og hageanlegg) skal få ein verneplan, og sikrast mot rivning og større endringar. Bygget og hageanlegget bør få vern som kulturminne og bevaringsverdig kulturmiljø, på lik linje med Den Trondhjemske postvei og Den indre farleia, i ny Kulturmiljøplan for Alver kommune.</p> <p>2. Kulturmiljøplanen bør legge til rette for at det blir laget en strategi for å ta vare på de eldre kulturbygningene og miljøet, som hører til det opprinnelige senter i Lindåsbygden ved dampskipskaaien i Spjeldneset</p> <p>3. Bygdelaget ser det som svært viktig å få til en best mulig kulturmiljøplan for Lindåsbygden, og vi ønsker å være en aktiv og positiv medspiller i planprosessen. Vi ber derfor om å få med en representant i referansegruppen</p>	<p>Seimstrand» skal omhandlast i planen.</p> <p>4. Lindåstunet ligg i omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570), men omsynssona har ikkje egne føresegner. Innspelet vert tatt med i samband med KPA.</p> <p>2. Innspelet vert tatt til etterretning.</p> <p>3. Postivt at Lindås bygdelaag ynskjer å bidra i planprosessen. Bygdelaag vert lagt til i referansegruppa.</p>
Vestland fylkeskommune	<p>4. Når det gjeld temainndelinga så bør ordet gardsbruk synleggjerast saman med jordbruket. Det kan vere at det også kan ha noko føre seg å ha ein temakategori for kulturlandskap samt ein temakategori for andre kulturmiljø, der sistnemnte tek opp i seg kulturmiljø som ikkje passar inn under dei andre temakategoriene.</p> <p>2. Det ideelle hadde vore at ein ferdigstilt kulturmiljøplan låg til grunn før ferdigstilt KPA. Når løpet ikkje er lagt opp slik er det føremålstenleg at planarbeidet, slik det blir vist til i planprogrammet, vert delt i to fasar. Første fase går på å utarbeide forslag til omsynssoner for kulturmiljø H570 og føresegner til andre fase går på ferdigstilling av ein kulturmiljøplan med tematisk del og handlingsplan. Vi vil igjen understreke at det må settast av</p>	<p>1. Gardsbruk vert ein sentral del av dette temaet/kapitlet. Underkapittel vert Kulturminne i innmark, kulturminne i utmark, stølsdrift og husmannsplassar. Me vil vurdere å ta med kulturlandskap som eige kapittel eller underkapittel. Andre kulturminne er tatt inn som eige tema/kapittel.</p> <p>2. Vert tatt til etterretning.</p>

	<p>nok tid og ressursar til kunnskapsinnhenting, dokumentasjon og vurdering av kulturminne og kulturmiljø. Grundige prosessar vil gje meir føreseielege rammer for alle partar, samt redusere ressursbruken og konfliktpotensialet i framtidige planprosessar. Alver kommune har i tillegg til eit stort tal automatisk freda kulturminne, fleire kulturminne frå nyare tid avhøg verdi. Det er viktig å sørge for at omsynssone H570 blir utforma slik at sonen både kan ivareta samanhengar i kulturmiljøet, men og vere føremålstenleg i samfunnsutviklinga. I pressområde er det viktig at slike omsynssoner vert gjort operative både gjennom grenser og føresegner.</p>	
Statsforvalteren i Vestland	<p>1. Kulturmiljøplanen bør tydeleggjere verdiar og peika på områder der det er potensiell konflikt. Det er bra at planen skal foreslå viktige kulturmiljø og kulturminne som bør få omsynssone for kulturmiljø(H570) i kommuneplanen si arealdel (KPA), eller sikrast gjennom føresegn. Dette arbeidet skal vere ferdig seinast februar 2023, og er første fase i planarbeidet. Vi stiller spørsmål ved om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for å gjere ein god jobb med dette, så tidleg i prosessen med kulturmiljøplanen.</p> <p>2. Vi er positiv til at jordbruk skal vere eit tema i planen. Vi legg til grunn at tradisjonelt landbruk og kulturlandskap vil inngå der.</p>	<p>3. Vert tatt til etterretning. Planforslaget til KPA skal, jamfør vedtak i kommunestyret 24. nov 2022, til 1. gangs politisk handsaming i oktober 2023, og dette gjer at ein får meir tid også til å utarbeida forslag til omsynssone for bevaring av kulturmiljø.</p> <p>2. Namn på tema vert endra til landbruk. Tradisjonelt landbruk og kulturlandskap vil verta omhandla under dette temaet.</p>
Alver kulturråd	Ingen merknader.	Tatt til orientering.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at planprogrammet vert vedtatt slik det no ligg føre.

Vedlegg i saken:

18.01.2023	Planprogram kulturmiljøplan_til vedtak	1867656
20.01.2023	Uttale - Oppstart - framlegg til planprogram - Alver - kulturmiljøplan 2024 - 20028	1868812
20.01.2023	Kulturmiljøfagleg innspel - varsel om oppstart av planarbeid og høyring - framlegg til planprogram - Kulturmiljøplan - Alver kommune	1868813

20.01.2023	Lindås bygdelag - Innspill til ny Kulturmiljøplan for Alver	1868814
20.01.2023	Alver kommune høyringsutkast Kulturmiljøplanen	1868815
20.01.2023	Alver kommune høyringsutkast Kulturmiljøplanen	1868816
20.01.2023	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram - Kulturmiljøplan - Alver kommune	1868817
20.01.2023	Fråsegn om oppstart av arbeid med kulturmiljøplan - Alver kommune - Vestland fylke	1868818
20.01.2023	Innspel planprogram	1868819
30.01.2023	Kulturmiljø uttale AK revidert	1873127

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-A20, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
004/23	Alver formannskap	09.02.2023
014/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Oppfølging av vedtak - elevar frå tidlegare Åsheim krins

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert vedteke.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/23 uttale:

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert vedteke.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 004/23 innstilling:

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vert vedteke.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

I vedtak frå 16.06.2022 ber kommunestyret kommunedirektøren om å gå i dialog med Austrheim kommune med sikte på å framforhandla ein avtale for 1.-7. trinn som gjeld elevar i tidlegare Åsheim skulekrins. Ein avtale skal leggjast fram for kommunestyret hausten 2022. Alver kommune si rolle som skuleeigar skal bli ivaretatt og for desse elevane. Det er i vedtaket poengtert at Lindås barneskule er nærskule til elevane, og at dei skal bli invitert til innskriving der.

Saksopplysningar

Kommunestyret Alver vedtok 17.09.2020 forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Kommunestyret Alver vedtok 26.11.2020 at elevar i tidlegare Åsheim skulekrins har Lindås barneskule som sin nærskule

Kommunestyret Alver vedtak 25.03.2021 – elevane som gjekk på skulen kunne få avslutta skulegangen på Kaland.

Det føreligg samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar som gjeld elevar som våren 2021 gjekk på Kaland skule og som vil halda fram på Kaland skule sjølv om Lindås barneskule er deira nærskule.

Det er etablert ressursavtale/opplæringsavtale for dei to elevane som byrja i 1. klasse på Kaland skule skuleåret 2022/23.

Framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar vart lagt fram for formannskapet 01.12.2022 – utsetjingsvedtak.

Ny framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar vart no lagt fram for kommunestyret.

Lovgrunnlag

Opplæringslova § 8-1, tredje ledd.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Vurdering:

Alle elevar i Alver har individuell rett til å søkje om å gå på annan skule enn nærskulen, jfr. Oppl. § 8-1 tredje ledd. Det er og høve til å søkje om å gå på annan skule i annan kommune. Søknader vart individuelt handsama med utgangspunkt i retten til å gå på nærskulen og retten til opplæring. Ved skulegang i annan kommune vart det oppretta eigen ressursavtale mellom kommunane med utgangspunkt i gjeldande gjesteelevssatsar.

Det er framforhandla avtale mellom Alver og Austrheim kommunar der elevane i barneskulealder som bur i den tidlegare Åsheimkrinsen kan få søkje om å gå på Kaland skule i Austrheim.

Formannskapet vedtok 01.12.22 å utsetje saka for å gjennomgå avtalen på ny for å få inn tekst om «varighet og mulighet til reforhandling». I tillegg vart det vedtatt endring i tekst i §1. I avtaleteksten er det no lagt til ein §9 som omhandlar iverksetjing, avtaleendring og oppseiing. Det er semje mellom Austrheim og Alver kommunar om desse endringane. Avtalen vart no lagt fram for kommunestyret.

Avtalen regulerer kostnadane og sikrar at Alver si rolle som skuleeigar vart ivaretatt for desse elevane. Lindås barneskule er elevane sin nærskule og elevane må aktivt søkje om å få gå på Kaland. Ungdomsskuleelevane frå denne krinsen går på Lindås ungdomsskule.

Avtale er vedlagt.

Lindås barneskule vil ivareta behov for informasjon til skulestartarar om høve til å søkje. Rutine for dette vil bli utarbeida.

Kommunedirektøren si tilråding

Framforhandla samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar vart vedteke.

Vedlegg i saken:

31.01.2023	Samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim kommunar om elevar til Kaland skule	1868795
------------	--	---------

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-144, Plannavn-Kommunedelplan for Barnehage og Skulebruk, Komnr-4631

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
015/23	Alver kommunestyre	23.02.2023
020/23	Alver formannskap	09.02.2023

Oppstart kommunedelplan - Barnehage og skulebruksplan og vedtak om offentlig høring og ettersyn planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og at det samstundes vert lagt ut planprogram for planen til offentlig høring og ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg gjev kommunestyret løyve til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgensa opp til stipulert kostnad på 1 million kroner.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13)
Til finansiering nyttast disposisjonsfondet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst orienterte og svara på spørsmål i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 004/23 uttale:

Kommunestyret vedtek at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og at det samstundes vert lagt ut planprogram for planen til offentlig høring og ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg gjev kommunestyret løyve til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgensa opp til stipulert kostnad på 1 million kroner.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13)
Til finansiering nyttast disposisjonsfondet.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 020/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og at det samstundes vert lagt ut planprogram for planen til offentleg høyring og ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg gjev kommunestyret løyve til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgensa opp til stipulert kostnad på 1 million kroner.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13)

Til finansiering nyttast disposisjonsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune skal utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan. Dette i samsvar med vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026. I saksutgreiinga har kommunedirektøren lagt inn framlegg om å starte prosessen med utarbeiding av barnehage- og skulebruksplan. Planen skal vere hjelp i arbeidet med å møte demografiendringane i samband med barne- og elevtalsutviklinga i kommunen.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

I sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026 vart det fremja å starte prosessen med ny barnehage og skulebruksplan for Alver kommune. I dette saksframlegget vert det difor lagt fram framlegg til planprogram og oppstart av planarbeid i samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova. Planen skal gjennomførast som ein kommunedelplan.

Vurderingsgrunnlag

- Lovverk
 - [Barnekonvensjonen](#)
 - [Barnehagelova](#)
 - [Opplæringslova](#)
 - [Plan- og bygningslova](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23 \(Regjeringen.no\)](#)
- [Kommuneplan for Alver kommune, samfunnsdelen](#)
- [Kommunedelplan for oppvekst](#)

Arbeidet med [kommuneplanen sin arealdel \(KPA\)](#) som er pågåande. Planlagt offentleg høyring og ettersyn for KPA er sett til hausten 2023.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at det er viktig å komme i gang med denne planen. Den vil ha stor nytte i det vidare arbeidet med ein best mogeleg struktur for barnehagar og skular i Alver kommune. Prosjektet bør gjennomførast som ein kommunedelplan med omsyn til dei planleggingsaktivitetane som prosessreglane i plan og bygningslova legg opp til. Difor er rådet å starte planprosessen med å kunngjere planoppstart og samstundes leggje ut planprogram til offentleg høyring og ettersyn. Gjennom dette sikrast ein open og

inkluderande prosess omkring dette viktige tema.

Alternativ

Nullalternativ , fortsettje som i dag med barnehage og skulebruk som for tre kommunar. Planlegging, finna nye løysingar for Alver kommune sin framtidige barnehage og skulebruk.

Økonomiske konsekvensar

Prosjektet er tenkt gjennomført med bruk av konsulent. Tidlegare erfaring frå Lindås kommune gjev at kostnaden den gang var på om lag kr 500.000. Kostnad vil truleg vere høgare enn dette i dag. Det vert difor teke utgangspunkt i stipulert kostnad omkring 1 million kr. Konsulentopdrag under ca 1.2 million kr kan gå som avgrensa tilbodskonkurranse der tre kvalifiserte konsulentar vert invitert til å delta. Endeleg kostnad vil avgjerast av kva resultat av tilbodskonkurransen vert.

Risiko

Det er i utgangspunktet tre tidlegare kommunar sin barnehage og skulebruk som no skal sjåast undet ett. Det vil vera ein risiko at tidlegare praksis framleis vil prege planarbeidet. Det kan og vere at ulike kulturar innan desse praksisane kan vera utfordrande å endre på.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at det vert kunngjort oppstart av arbeid med kommunedelplan «Barnehage og skulebruksplan» i Alver kommune, og samstundes leggje ut planprogram for planen til offentleg høyring og ettersyn i minimum 6 veker. I tillegg rår kommunedirektøren til å løyve midlar til innhenting av konsulenttilbod for planarbeidet avgrensa til stipulert kostnad 1 million kroner.

Vedlegg i saken:

31.01.2023	KDP_barnehage_skulebruksplan_FramsiktExport_27012023	1872073
31.01.2023	Mandat_for_Barnehage og skulebruksplan	1872410
31.01.2023	Prosjektforslag_for_Barnehage og skulebruksplan	1872411

Arkiv: <arkivID><jplID>
FA-A0, TI-&14

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Ungdomsråd	06.02.2023
005/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
005/23	Alver formannskap	09.02.2023
016/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune skuleåret 2021-22 er teken til orientering.

Ungdomsråd 06.02.2023:

Handsaming:

Orientering i saka v/Ingvild Moen

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

UR- 006/23 uttale:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Ingvild Moen-tenesteleiar Skule og Kristin Moe-tenesteleiar Oppvekst orienterte og svara på spørsmål.

Tilleggsframlegg frå Laila Bjørge-Sp:

Alver kommune vil vere ein aktiv skuleeigar, og har drøfta tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022 i tråd med kravet i opplæringslova.

Kommunestyret støttar utfordringsbiletet og utfordringane som er løfta i tilstandsrapporten, og vil leggje dette til grunn i det vidare arbeidet med utvikling av skulane i Alver.

Kommunestyret merkar seg at Alver kommune ligg under landsgjennomsnittet når det kjem til leseferdigheitane, og er uroa over dette. Kommunestyret ber om at utval for oppvekst, kunnskap og kultur får ei orientering om korleis Alver kommune arbeidar for å betre leseferdigheitane.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 005/23 innstilling:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune skuleåret 2021-22 er teken til orientering med tillegg:

Alver kommune vil vere ein aktiv skuleeigar, og har drøfta tilstandsrapport for skulane i Alver

2021-2022 i tråd med kravet i opplæringslova.

Kommunestyret støttar utfordringsbiletet og utfordringane som er løfta i tilstandsrapporten, og vil leggje dette til grunn i det vidare arbeidet med utvikling av skulane i Alver.

Kommunestyret merkar seg at Alver kommune ligg under landsgjennomsnittet når det kjem til leseferdigheitane, og er uroa over dette. Kommunestyret ber om at utval for oppvekst, kunnskap og kultur får ei orientering om korleis Alver kommune arbeidar for å betre leseferdigheitane.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Saka er trekt frå sakslista til formannskapet.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Meldinga er heimla i Opplæringslova § 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling:

Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.

Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.

Tilstandsrapporten gir ein presentasjon av tilstanden i grunnskuleopplæringa i Alver kommune for skuleåret 2021-22, og inneheld ei skildring av status, lokale mål for utvikling samt vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

Rapporten blir drøfta i Ungdomsrådet den 06.02.23, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.23 og i kommunestyret 23.02.23.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Det er utarbeidd ein nasjonal mal for tilstandsrapport for skule, som er tilgjengeleg på heimesida til Utdanningsdirektoratet. Ved utarbeiding av tilstandsrapporten for Alver er nasjonal mal brukt. I tillegg er det lagt inn eit kapittel med ein kort presentasjon av skulane (faktaopplysningar tal elevar og tilsette samt satsingsområde), i tillegg til kapittel med presentasjon av skuleeigar sitt system for kvalitetsoppfølging av skulane og eit avsluttande kapittel med skildring av utfordringsbilete for grunnskulen i Alver kommune.

Vurdering

Det er fleire faktorar som har hatt påverknad på data som er presentert i rapporten. Skuleåret starta med restriksjonar knytt til pandemien, og det var avgrensa rom for sosialt fellesaktivitetar i skulen og på fritida. Skulane har gjort eit godt arbeid i høve til å skape trygge rammer for undervisninga.

Frå nasjonalt hald er dei nasjonale prøvane endra dei siste åra, slik at resultat for skuleåret 2021-22 ikkje er direkte samanliknbare med resultat frå tidlegare år.

Etter eit par år med pandemi og med fritak frå grunnskuleeksamen, har vi heller ikkje data om eksamen eller grunnskulepoeng som kan samanliknast eller presenterast.

Data som er presentert i rapporten viser at det er behov for å arbeide heilskapleg og

systematisk med analysekompetanse og oppfølging av resultat samt utvikling av praksis.

Partar

Rapporten blir lagt fram for politisk i samsvar med føringar i opplæringslova, med endeleg drøfting i kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få økonomiske konsekvensar.

Miljømessige konsekvensar

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få miljømessige konsekvensar.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Det er allereie starta opp arbeid med organisasjonsutvikling med fokus på å byggje ein sterkare Vi-kultur mellom skulane. Sjølv om det er to år sidan vi vart Alver kommune, er det framleis behov for å styrkje fellesskapet og halde fram med etablering av felles praksis.

Risiko

Vurdering av særskilte grupper

Det er ikkje vurdert at tilstandsrapport for grunnskule vil få nokre miljømessige konsekvensar.

Kommunedirektøren si tilråding

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune skuleåret 2021-22 blir teken til orientering.

Vedlegg i saken:

31.01.2023 Tilstandsrapport for skulane i Alver 2021-2022

1872576

Arkiv: <arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommunedelplan
for oppvekst -
Alver kommune,
Komnr-4631

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 17.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023
004/23	Eldreråd	06.02.2023
003/23	Ungdomsråd	06.02.2023
003/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
017/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtek «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034» slik den er lagt fram som digital plan og i vedlagt dokumenteksport av denne.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

Handsaming:

Rolf Raknes-fagleiar areal og samfunn orienterte, og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst svara på spørsmål i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

RMNF- 006/23 uttale:

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Eldreråd 06.02.2023:

Handsaming:

Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 004/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Ungdomsråd 06.02.2023:

Handsaming:

Orientering i saka v/Rolf Raknes

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

UR- 003/23 Vedtak:

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst orienterte til saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 003/23 innstilling:

Kommunestyret i Alver vedtek «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034» slik den er lagt fram som digital plan og i vedlagt dokumenteksport av denne.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur,

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Endeleg godkjenning av og vedtak for kommunedelplan oppvekst 2023-2034.

Planen er del av kommunen sine overordna planar og er gjennomført som kommunedelplan i samsvar med reglane i plan og bygningslova. No er prosessen kommen til siste steget, som er endeleg vedtak i kommunestyret.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

I planstrategi for Alver for periode 2021-2024 er det planlagt å gjennomføre kommunedelplan for oppvekst. Planarbeidet vart starta i 2021, parallelt med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for helse og omsorg. Etter ein fase med felles planaktivitet, for mellom anna medverknad, vart først kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) vedteke av kommunestyret.

Kommunedelplan for oppvekst representerer ei vidare detaljering av KPS sine overordna målsettingar og er samstundes koordinert med andre kommunedelplanar. I tillegg til kommuneplanen sine overordna mål har kommunedelplan for oppvekst arbeidd vidare med eigne målsettingar som er relatert til hovudmåla i samfunnsdelen. Arbeidet førte fram til eit planforslag som kommunestyret vedtok å leggje ut til offentleg høyring og ettersyn. Etter høyringsperioden har prosjektgruppa revidert planen med omsyn til innkomne merknader. Kommunedirektøren legg no fram planen for endeleg vedtak i kommunestyret.

Sakshistorikk

Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034 er utarbeidd i det digitale plansystemet Framsikt. Planen har i heile prosessen vore tilgjengeleg i internt nett via testpublisering frå systemet. Endeleg plan vil vera ein digital plan i Framsikt, men det verte produsert ein eksport av planen sitt innhald til eit PDF-dokument, slik at dei som ikkje kan bruka digital plan kan få tilgang til denne analogt.

Her er lenke til digital plan (intern lenke): [Kommunedelplan for oppvekst](#)
PDF-eksport av planen er vedlagt.

Prosessen fram til framlegg endeleg vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan oppvekst vart godkjend 10/11-20.

Programmet er ein «plan for planlegginga» og gjennom det vart det politisk vedtaka at desse fokusområda skulle vera retningsgjevande for det vidare arbeidet med planforslaget:

- Inkluderande fellesskap
- Tidleg innsats
- Læring, livsmeistring og utvikling
- Tverrfagleg samarbeid
- Fattigdom i barnefamiljar
- Digitalisering av sektoren
- Helsefremjande oppvekst

I det vidare arbeidet med planforslaget vart det samstundes med felles medverknad invitert ulike referansegrupper til medverknadsmøte/verkstader samt intern undersøking. Dette arbeidet resulterte i fleire rapportar som inngjekk som grunnlag for utarbeidinga av planforslaget.

Her oversikt for nokre dei viktigaste aktivitetane:

16.06.2021: Styrarar barnehagar
23.04.2021: Interne samarbeidspartar
26.04.2021: Politi og BUP med fleire
27.05.2021: Tverrfagleg gruppe
13.04.2021: FAU Barnehage
14.04.2021: FAU Skule
16.06.2021: Styrarar barnehagar
23.03.2021: Tilsette
26.03.2021: Samarbeidspartar
27.05.2021: Rektorar skule
27.05.2021: Tilsette barnehagar og skular mfl.
08.04.2021: Elevråd og ungdomsråd
26.11.2021: Referansegruppesamling
10.05.2022: Referansegruppesamling

I heile planprosessen har det samstundes vore jamlege møte med medverknad/informasjon i råd og utval. På bakgrunn av dette omfattande grunnlagsarbeidet vart det i møte med styringsgruppa (Utval for oppvekst, kunnskap og kultur) vedteke seks hovudmål for planperioden. Samstundes tok planen med oppfølging av vedtekne relevante mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedelplan oppvekst sine seks hovudmål vart desse:

1. Barn og unge opplever å høyre til.
2. Barn og unge blir sett og ivaretatt.
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida.
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider.
5. Barn og unge vert møtt av kompetente vaksne.
6. Familjar opplever eit godt tenestetilbod.

Om planen:

Til arbeidet med planen har prosjektgruppa nytta planmodulen i Framsikt. Alver kommune har tidlegare nytta Framsikt til økonomiplanlegging og har no utvida systemet med planar og verksemdstyring. Føremona med ein digital plan som inngår i eit felles overordna system er at mål og tiltak vert tilgjengeleg for heile systemet. Intensjonen er at vedtekne planar vert direkte tilgjengeleg for vidare oppfølging i økonomiplan og verksemdplan.

Planen har følgjande oppbygging:

1. Føreord

Litt om målsetting for planen og innleiande oversikt for innhaldet i planen.

2.0 Innleiing

Fagleg plassering av oppvekstsektoren. Enkel gjennomgang av planprosessen og plansystemet. Forklaring på korleis denne planen inngår i eit overordna plansystem.

3.0 Kunnskapsgrunnlag

Statistikk og anna innhenta kunnskap vert presentert.

4.0 Tenesteskildringar

Skildring av dei ulike fagdelane innan oppvekstsektoren

5.0 Saman om ein god oppvekst

Viktige faglege rammer for oppvekstsektoren vert presentert.

6.0 Hovudmål, delmål og strategiar

Hovudmål med tilhøyrande delmål vert presentert. Desse er tilknytt strategiar for som skildrar kva som skal gjerast for å nå måla.

7.0 Handlingsdel

Fireårig handlingsdel der planen listar opp forslag til tiltak som treng finansiering og tiltak som skal løysast innan eksisterande rammer.

8.0 Møteplassar og team

Oversikt for alle arenaer for samhandling innan oppvekst i Alver kommune.

9.0 Kjelder

Referansar til kjeldemateriale som er brukt i planarbeidet.

Vurderingsgrunnlag

Prosjektgruppa for kommunedelplan oppvekst har no handsama alle merknadene som vart sendt inn under offentleg høyring og ettersyn i perioden 15/10-22 til 1/12-22. Merknadene er sett opp i vedlagte merknadsoversikt der prosjektgruppa har gjennomgått og kommentert alle. I oversikta er det også kommentert kva merknaden har ført til av endring i planen.

For detaljar om dette slutføringsarbeidet visast til nemnde merknadsoversikt, men det generelle inntrykket av merknadane er at planen er godt gjennomarbeidd og at den får mykje gode attendemeldingar, mellom andre frå overordna mynde som Statsforvaltar og Fylkeskommune.

Planen er ordrik, men samstundes er vurderinga at det i den digitale utgåva av planen er mogeleg å manøvrere meir direkte til enkeltdelar.

Vurdering:

Planen framstår som godt gjennomarbeidd og dekkjande for både hovudmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel og dei hovudsatsingane som vart trekkte fram i kommunedelplanen sitt planprogram. Det er gjennomført ein omfattande planprosess med stor grad av medverknad. Planen er no integrert i kommunen sitt styringsstøtteverktøy Framsikt, noko som gjer det mogeleg med tettare oppfølging av handlingsdelen i planen. (Årleg rullering).

Kommunedirektøren vurderer at kommunedelplan for oppvekst 2023-2034 no er klar for slutthandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034» vert endeleg vedteke

av kommunestyret slik den er lagt fram digitalt, med vedlagt kopi i dokumenteksport.

Vedtaket vil gjerast med heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

Vedlegg i saken:

27.01.2023	Høyringskjema med kommentar	1871833
27.01.2023	KDP_oppv_FramsiktExport_26012023	1871869

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-150, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Alver formannskap	09.02.2023
018/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Justering av investeringsbudsjett for kyrkjeleg fellesråd – 2023 og 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune løyver kr 1.500.000 i 2023 til brannsikring. Tiltaket finansierast ved låneopptak

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 014/23 innstilling:

Alver kommune løyver kr 1.500.000 i 2023 til brannsikring. Tiltaket finansierast ved låneopptak

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Under formannskapet sin handsaming av budsjett og økonomiplan, sak 131/22 vart det gjort følgjande einstemmige vedtak:

I tillegg til punkt 1 i kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett gjerest det framlegg om å løyve investeringsmidlar til brannsikring i kyrkjene, i tråd med krav etter tilsyn.

Vurdering

Under handsaming i kommunestyret, sak 182/22, vart dette ikkje fremma som nytt verbalvedtak. Pålegga frå branntilsyn gjeld brannalarmer for Vike, Lindås, Lygra, Hundvin og Seim og er kostnadsrekna til kr 1,5 mill. av fellesrådet. Det er i dialog med fellesrådet avklart at summen kan fordelast over to år, med kr 750.000,- kvart år, men kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve heile summen i 2023 for å sikre rask gjennomføring av naudsynte brannsikringstiltak. Ved dei andre kyrkjene er det mindre avvik, og dette vert dekket/utbetra av fellesrådet med dei ordinære løyvingane.

Eventuelt andre budsjettmessige endringar vert å kome attende til ved handsaming av 1. tertialrapport 2023.

Vedlegg i saken:

25.01.2023	Hordabø kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870889
02.02.2023	Hundvin kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870890
02.02.2023	Knarvik kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870891

02.02.2023	Lindås kyrkje-Branntilsynsrapport 2022	1870892
02.02.2023	Lygra kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870893
25.01.2023	Manger kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870894
02.02.2023	Meland kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870895
02.02.2023	Myking kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870896
02.02.2023	Ostereidet kyrkje - Branntilsynsrapport 2022	1870897
02.02.2023	Seim kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870898
25.01.2023	Sæbø kyrkje- Branntilsynsrapport 2022	1870899

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-151, FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/23	Alver formannskap	09.02.2023
019/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Flytting av budsjettmidlar (investering) frå 2022 til 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Unyttta investeringsmidlar i 2022 på 99,1 mill. kr vert flytta til budsjett 2023 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga nedanfor. I tillegg vert prosjekt 34008 auka med 13,5 mill. kr grunna overgang til bruttobudsjettering. Auken i budsjett 2023 på 112,6 mill. kr vert finansiert av unyttta lånemidlar på 88,7 mill. kr, momskompensasjon med 10,4 mill. kr og refusjonar kr 13,5 mill. (prosjekt 34008).

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 011/23 innstilling:

Unyttta investeringsmidlar i 2022 på 99,1 mill. kr vert flytta til budsjett 2023 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga nedanfor. I tillegg vert prosjekt 34008 auka med 13,5 mill. kr grunna overgang til bruttobudsjettering. Auken i budsjett 2023 på 112,6 mill. kr vert finansiert av unyttta lånemidlar på 88,7 mill. kr, momskompensasjon med 10,4 mill. kr og refusjonar kr 13,5 mill. (prosjekt 34008).

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar

På fleire investeringsprosjekt har det i 2022 vore lågare framdrift enn budsjettert. Totalt viser investeringsrekneskapan for 2022 på dei aktuelle prosjekta (pt. ikkje revidert av revisor) at det er påløpt netto 146,9 mill. kr mot budsjettert 246,3 mill. kr, eit mindreforbruk på 99,4 mill. kr. Sjå tabellen under for spesifikasjon per prosjekt. Merk at prosjekt som ikkje har endringsframlegg, heller ikkje er med i tabellen.

For at dei aktuelle prosjekta skal verte gjennomført i samsvar med vedtak, gjer kommunedirektøren framlegg om å flytte (rebudsjettere) ein stor del av dei unyttta midlane frå 2022 til budsjett 2023.

Dette kjem i tillegg til reduksjonen av budsjettet gjort i rapporten for 2. tertial 2022 (sak KS 131/22), der investeringsbudsjettet vart redusert med 93,1 mill. kr for overføring til 2023. Denne framdriftsjusteringa i 2. tertialrapport 2022 er allereie inkludert i budsjettet for 2023, slik at det ikkje er trong for å justere for dette no.

Effekt på rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet for 2023 som følgje av endra prosjektframdrift vert kommentert og vurdert i samband med 1. tertialrapport for 2023, saman med eventuell budsjettjustering som følgje av dette.

På nokre prosjekt er det lagt inn negativt overføringsbeløp. Det inneber at budsjettet for 2023 på det aktuelle prosjektet i 2023 vert redusert. Dette er berre gjort for prosjekt som allereie har budsjettbeløp for 2023. Reduksjonen skuldast at vi har høgare framdrift på desse prosjekta enn rekna med i budsjett 2023, og at det difor vert trong for færre midlar i 2023.

Kommentar til einskilde prosjekt:

Prosjekt 34008 – Vågseidet – Sjurset Vannleidning:

Kommunal del av kostnadene i prosjektet er 40%. Frå 2023 er prosjektet budsjettert brutto, med totale utgifter og refusjonsandelen frå Equinor som inntekt. Beløpet som er lagt inn som auke i 2023 er bruttobeløpet, slik at utgiftsbudsjettet for 2023 vert auka med 22,5 mill. kr og refusjon Equinor auka med 13,5 mill. kr. Nettobeløpet på 9 mill. kr svarer til mindreforbruket for 2022.

Prosjekt 34020 – Mindre prosjekt Vatn og 35006 – Mindre prosjekt avlaup

Prosjekt 34020 – Mindre prosjekt Vatn har eit meirforbruk i 2022 på kr 6 mill og prosjekt 35006 – Mindre prosjekt avlaup har eit mindreforbruk på 11,5 mill. kr. Det er framlegg om overføring av netto 5,1 mill. kr til 2022.

Spesifisert tabell over endringsframlegg per prosjekt:

Investeringsprosjekt med framlegg til flytting av budsjett frå 2022 til 2023					
SP	Prosj	Regnsk 2022	Rev. budsj 2022	Avvik 2022	Forslag til auke budsjett 2023
SUM		146 890 340	246 295 000	99 404 660	112 551 000
SUM unytta midlar 2022 som kan overførast til 2023 (eksl. endring til bruttoføring på prosjekt 34008)					99 051 000
12 IKT OG ADMINISTRASJON		182 109	300 000	117 891	117 000
	12012 DIGITALT KARTVERK	182 109	300 000	117 891	117 000
13 ADMINISTRASJONSBYGG		7 966 909	13 290 000	5 323 091	5 322 000
	13001 INVESTERING KOMMUNALE BYGG	3 576 998	5 000 000	1 423 002	1 423 000
	13004 REHABILITERING TAK DIVERSE KOMMUNALE BYGG	4 303 581	7 100 000	2 796 419	2 796 000
	13007 UTSTYR HELSEHUS NHLV, FYSIO OG LEGETENESTE	86 330	190 000	103 670	103 000
	13009 SKILT KOMMUNALE BYGG	0	1 000 000	1 000 000	1 000 000
21 BARNEHAGEBYGG		4 168 322	5 380 000	1 211 678	1 211 000
	21005 INVESTERING BARNEHAGEBYGG	0	340 000	340 000	340 000
	21008 SOLHALL OPPGRADERING	4 168 322	5 040 000	871 678	871 000
22 SKULEBYGG		6 427 873	9 425 000	2 997 127	2 993 000
	22001 Alversund Barneskule inkl. hall	2 100 798	3 625 000	1 524 202	1 524 000
	22002 Knarvik Barneskule inkl. hall	1 996 446	2 200 000	203 554	200 000
	22009 Diverse investeringer skulebygg	2 330 629	2 900 000	569 371	569 000
	22010 Frekhaug - Ny ungdomsskule	0	700 000	700 000	700 000
23 KULTUR OG IDRETT		2 849 880	6 650 000	3 800 120	3 700 000
	23001 Utstyr indrettsanlegg	0	300 000	300 000	300 000
	23009 Meieriet Frekahug	90 489	500 000	409 511	300 000
	23023 Tilpassing til ny forskrift kunstgrasbaner	2 759 392	1 250 000	-1 509 392	-1 500 000
	23024 Utlånsautomatar Bibliotek	0	300 000	300 000	300 000
	23025 Løe Alversund	0	4 300 000	4 300 000	4 300 000
25 BUSTADER		1 829 582	10 550 000	8 720 418	8 720 000
	25002 INVESTERING BUSTADER	1 742 584	3 550 000	1 807 416	1 807 000
	25010 Mjåtveitstø Bufellesskap	86 998	7 000 000	6 913 002	6 913 000
26 INSTITUSJON OG OMSORGSBUSTADER		1 819 619	13 250 000	11 430 381	11 426 000
	26002 BUFELLESKAP	52 050	2 800 000	2 747 950	2 745 000
	26006 Meland - Omsorgsbustader	0	3 870 000	3 870 000	3 870 000
	26009 Knarvik sjukeheim - div. oppgradering	917 280	1 300 000	382 720	382 000
	26011 Oppussing Kvasten avlastingsbustad, ny del	0	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	26012 Takheiser institusjon	204 000	780 000	576 000	576 000
	26013 Ombygging Lindås Bu og Servicesenter	539 315	3 000 000	2 460 685	2 460 000
	26014 Ombygging Skrenten for fleire bustader	106 975	500 000	393 025	393 000
29 KYRKJELLEG FELLESRÅD		0	2 500 000	2 500 000	2 500 000
	29002 Lindås Gravplass	0	2 500 000	2 500 000	2 500 000
30 TRANSPAORTMIDALR OG TEKNISK UTSTYR		0	0	0	0
33 BRANN		10 387 457	12 940 000	2 552 543	2 549 000
	33001 BRANNSTASJON	1 861 410	940 000	-921 410	-921 000
	33002 NY BRANNBIL	8 526 047	12 000 000	3 473 953	3 470 000
34 VATN		67 346 780	85 360 000	18 013 220	37 234 000
	34001 Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg	7 922 001	10 000 000	2 077 999	1 840 000
	34003 Myrvollane - Moldekleiv VA-anlegg	2 071 477	2 600 000	528 523	528 000
	34004 Fosse - Moldekleiv VA-anlegg	601 972	250 000	-351 972	-352 000
	34008 Vågseidet - Sjurset, Vannledning - komm.del	14 983 497	24 000 000	9 016 503	9 000 000
	34008 Vågseidet - Sjurset, Vannledning - aAndel som skal betalast av Equinor (overgang til bruttobudsjett)				13 500 000
	34009 Kløve - Eknes - Vassledning	360 007	1 000 000	639 993	640 000
	34020 MINDRE PROSJEKT VATN	18 127 492	12 150 000	-5 977 492	0
	34050 BIRKELAND - HELLA VATN - Erstatter 34051	8 242 656	10 440 000	2 197 344	2 197 000
	34052 Storsandvik-Juvik-Remmo Vannleidn.	6 670 016	7 290 000	619 984	620 000
	34054 Vetås-Haukeland-Storheim Vannledning	23 218	1 600 000	1 576 782	1 576 000
	34055 Bøvågen-Marøy vassledning	165 380	3 300 000	3 134 620	3 134 000
	34057 Storheim - Solheim Ringleidning vatn	0	200 000	200 000	200 000
	34059 Frekhaugkrysset-Sagstad Skule VA-anlegg	99 980	290 000	190 020	190 000
	34060 Basseng Haukåsen	0	2 000 000	2 000 000	2 000 000
	34062 E39 Oval Rundkjøring - Kommunal del - Vatn	3 731 884	6 240 000	2 508 116	2 508 000
	34075 Manger Silanlegg - vatn-del	4 347 200	4 000 000	-347 200	-347 000
35 AVLØP		42 478 549	71 890 000	29 411 451	23 455 000
	35001 Meland Vassverk-Myrvollane Avløp	2 007 816	2 510 000	502 184	500 000
	35002 MYRVOLLANE - MOLDEKLEIV AVLAUP	771 074	1 000 000	228 926	229 000
	35003 FOSSE - MOLDEKLEIV AVLAUP	601 971	100 000	-501 971	-502 000
	35006 Mindre prosjekt avlaup	4 438 922	15 490 000	11 051 078	5 074 000
	35014 Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup	708 804	1 950 000	1 241 196	1 240 000
	35019 KNARA Reinseanlegg	685 521	500 000	-185 521	-185 000
	35028 Vetås - Storheim - Avløpsledning	12 983	1 000 000	987 017	987 000
	35029 Manger Silanlegg avløp inkl grunnavstøing	25 781 951	27 000 000	1 218 049	1 218 000
	35047 Litebergen avløpspumpstasjon	0	6 700 000	6 700 000	6 700 000
	35048 Flatøy Sør - Sanering Avløp	0	1 500 000	1 500 000	1 500 000
	35055 Bøvågen Ra - forlenging av utsleppsledning	188 486	3 600 000	3 411 514	3 435 000
	35056 Bøvågen pumpestasjon for ny utsleppsledning	0	1 100 000	1 100 000	1 100 000
	35062 E39 OVAL RUNDKJØRING - KOMMUNAL DEL - AVLØP	7 281 020	9 440 000	2 158 980	2 159 000
36 VEG		822 015	13 260 000	12 437 985	12 436 000
	36001 KOMMUNALE VEGAR	498 870	4 650 000	4 151 130	4 150 000
	36002 TRAFIKKSIKRING	245 713	5 300 000	5 054 287	5 054 000
	36003 VEGGLYS, OPPGRADERING (ARMATUR, MÅLARE)	77 433	3 310 000	3 232 567	3 232 000
37 AREAL OG ANNA UTBYGGING		611 243	1 500 000	888 757	888 000
	37001 UNIVERSELL UTFORMING/SÆRLIG TILRETTELGGI	611 243	1 500 000	888 757	888 000

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-510
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/23	Administrasjonsutval	08.02.2023
008/23	Alver formannskap	09.02.2023
020/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Debattheft II - 2023. Mellomoppgjøret 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør fortrinnsvis fordelast sentralt. Utfordringane som kommunane i Noreg står ovanfor er til dels like og lokale skilnader er lite hensiktsmessig når me har same tariffavtale. Det er ikkje ynskjeleg med skilnader i løn mellom nabokommunar og regionar.
2. Alver kommune ynskjer ikkje lokalt oppgjer, jfr spm. 1. Dersom det blir eit lokalt oppgjer ynskjer vi at potten skal vere på minimum 1,5 %. Erfaringa frå tidlegare oppgjer visar at det er avgrensa handlingsrom når potten er mindre enn 1 %.
3. Me ynskjer at gruppa «Gruppe 2», « Stilling med krav til 3-årig U/H utdanning» skal prioriterast. I denne gruppa finn du Sjukepleiar (7174) og Vernepleiar (6455) der Alver kommune har rekrutteringsutfordringar. I eit langsiktig og overordna perspektiv knytt til våre demografiske utfordringar er det viktig at denne stillingsgruppa prioriterast. Me ynskjer lik fordeling på ansiennitetstrinna.

Administrasjonsutval 08.02.2023:

Handsaming:

Det var berre dei politisk valde medlemmane som handsama denne saka. Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 007/23 uttale:

1. Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør fortrinnsvis fordelast sentralt. Utfordringane som kommunane i Noreg står ovanfor er til dels like og lokale skilnader er lite hensiktsmessig når me har same tariffavtale. Det er ikkje ynskjeleg med skilnader i løn mellom nabokommunar og regionar.
2. Alver kommune ynskjer ikkje lokalt oppgjer, jfr spm. 1. Dersom det blir eit lokalt oppgjer ynskjer vi at potten skal vere på minimum 1,5 %. Erfaringa frå tidlegare oppgjer visar at det er avgrensa handlingsrom når potten er mindre enn 1 %.
3. Me ynskjer at gruppa «Gruppe 2», « Stilling med krav til 3-årig U/H utdanning» skal prioriterast. I denne gruppa finn du Sjukepleiar (7174) og Vernepleiar (6455) der Alver kommune har rekrutteringsutfordringar. I eit langsiktig og overordna perspektiv knytt til

våre demografiske utfordringar er det viktig at denne stillingsgruppa prioriterast. Me ynskjer lik fordeling på ansiennitetstrinna.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Saka skal endeleg avgjerast i kommunestyret.

Felles tilleggsframlegg ved N.Bognøy-AP:

Nytt punkt 4

Alver kommune noterar seg ein langvarig lærarstreik som har vore krevjande for dei gjeldane partar. Alver kommune meiner ein må arbeida for omforrening og tillitt partane mellom i vidare forhandlingar.

Alver kommune erkjenner at innan utdanningssektoren har tilsette med lang ansiennitet og utdanning etter tidlegare tilbod ei svakare lønsutvikling enn snittet. I årets oppgjer bør ikkje utdanningssektoren nedprioriterast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 008/23 innstilling:

1. Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør fortrinnsvis fordelast sentralt. Utfordringane som kommunane i Noreg står ovanfor er til dels like og lokale skilnader er lite hensiktsmessig når me har same tariffavtale. Det er ikkje ynskjeleg med skilnader i løn mellom nabokommunar og regionar.
2. Alver kommune ynskjer ikkje lokalt oppgjer, jfr spm. 1. Dersom det blir eit lokalt oppgjer ynskjer vi at potten skal vere på minimum 1,5 %. Erfaringa frå tidlegare oppgjer visar at det er avgrensa handlingsrom når potten er mindre enn 1 %.
3. Me ynskjer at gruppa «Gruppe 2», « Stilling med krav til 3-årig U/H utdanning» skal prioriterast. I denne gruppa finn du Sjukepleiar (7174) og Vernepleiar (6455) der Alver kommune har rekrutteringsutfordringar. I eit langsiktig og overordna perspektiv knytt til våre demografiske utfordringar er det viktig at denne stillingsgruppa prioriterast. Me ynskjer lik fordeling på ansiennitetstrinna.
4. Alver kommune noterar seg ein langvarig lærarstreik som har vore krevjande for dei gjeldane partar. Alver kommune meiner ein må arbeida for omforrening og tillitt partane mellom i vidare forhandlingar. Alver kommune erkjenner at innan utdanningssektoren har tilsette med lang ansiennitet og utdanning etter tidlegare tilbod ei svakare lønsutvikling enn snittet. I årets oppgjer bør ikkje utdanningssektoren nedprioriterast.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i administrasjonsutvalet

Saka skal avgjerast i formannskapet

Saka gjeld:

KS ber om innspel til årets debatthefte «Debattheft II – 2023. Mellomoppgjeret».

KS inviterer kvart år kommunane og fylkeskommunane til å gje innspel til behov og prioriteringar før løn- og tariffavtaleforhandlingar, og til andre dagsaktuelle tema presentert i debattheftet. I år har KS delt heftet i to delar; Del I «Evne og kraft til å bære», del II «mellomoppgjoret 2023», sjå vedlegg, som bør lesast saman med denne saka.

Hovudtariffavtalen gjeld for 2 år fram til 30. april 2024. Forhandlingane i 2023 er difor eit mellomoppgjer der partane sentralt berre skal forhandle om lønsreguleringar, og ikkje om andre endringar i Hovudtariffavtalen. Heftet går mellom anna igjennom korleis tariffoppgjeret gjennomførast, og korleis tariff tillegg kan avtalast. Innspelet frå Alver kommune vert samanstilt av KS Vestland og blir ein del av grunnlaget når KS hovudstyret handsamar og

avgjer forhandlingsmandatet for mellomoppgjeret i 2023.

Kommunedirektøren legg i denne saka fram problemstillingane i «Debattheftet II – 2023. Mellomoppgjøret» med forslag til innspel til politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Alle kommunane og fylkeskommunane i Noreg (unnateke Oslo kommune) har gitt KS fullmakt til å inngå tariffavtalar på våre vegne. Hovudtariffavtalen (HTA) blir vedteke av kommunane gjennom uravstemming. Forhandlingane i 2023 er eit mellomoppgjer, og det fylgjer av KS sine vedtekter for arbeidsgjevarverksemda at resultatata blir vedteke av KS Hovudstyre. Storleiken på kommunesektoren gjer at lønsoppgjera for sektoren har stor innverknad på den samla lønsdanninga i norsk arbeidsliv.

Hovudtariffoppgjeret 2022:

Hovudtariffoppgjeret i 2022 ble avslutta med ei meklingsløyising og inngåing av ein ny Hovudtariffavtale frå 1. mai 2022 til 30. april 2024. Tariffavtalen gjeld alle kommunane, fylkeskommunane, og alle arbeidstakarorganisasjonane unnateke Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund og Norsk Lektorlag. For lærarorganisasjonane vil resultatet av hovudoppgjeret i 2022 avgjerast av Rikslønsnemnda i februar 2023.

Mellomoppgjeret 2023:

Før forhandlingane i 2023 er ein del av den økonomiske ramma bunden opp i avtalte tariff tillegg frå 1.1.2023, overheng og glidning. Kor mykje som faktisk er bunde opp kan KS fyrst rekna på når Rikslønsnemndas avgjerd føreligg. Det betyr at det er uvisse kring kor mykje som faktisk vil vere disponibel økonomi i vårens forhandlingar.

Gjennom systemet for løn i HTA får om lag ni av ti tilsette størsteparten av si løn fastsett i sentrale forhandlingar gjennom HTA kapittel 4. Debatthefte II s. 7 og 8 skildrar lønssystemet og stillingsstrukturen. I debathefte II side 18 går me igjennom dei ulike måtane dei sentrale partane kan avtale å bruke disponible lønsmidlar på.

Utfordringsbilete i Alver kommune er fortrinnsvis knytt til sektor Helse og omsorg. Me opplevar størst utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar, vernepleiarar og til dels også helsefagarbeidarar. Demografisk utvikling gjer at dette i dei kommande åra vil bli fortserka og krevar ein nasjonal løysning da kommunane i Noreg i stor grad opplevar dei same problema.

I debathefte II er det tre spørsmål KS ynskjer å få utdjupe:

1. Bør den økonomiske ramma i mellomoppgjeret fordelast sentralt, eller bør delar av den forhandlast lokalt, ut i frå lokale behov og prioriteringar?
2. Om det vert sett av midlar til lokale forhandlingar, kor stor bør potten i så fall vere?
 1. Om ramma fordelast sentralt:
 - a. Er det ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg eller er det ynskjeleg med ei tydelegare prioritering av enkelte grupper framfor andre?
 - b. Om enkelte grupper skal prioriterast, kva stillingsgrupper og/eller ansiennitetstrinn bør i så fall få størst tillegg?

Debattheftet II – 2023 er vedlagt saka.

Vedlegg i saken:

01.02.2023	KS - Debattheftet II - 2023. Mellomoppgjøret 2023	1875356
01.02.2023	Vedlegg til formannskapet 09.02.2023 KS - Debattheftet I - 2023. Evne og kraft til å bære (1)	1875355

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-S41, TI-&13
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/23	Utval for areal, plan og miljø	08.02.2023
013/23	Alver formannskap	09.02.2023
021/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land, slik det kjem fram i saka.

Utval for areal, plan og miljø 08.02.2023:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Sveinung Toff-V:

Alver kommune støtter regelen i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, om at denne ikkje lenger skal gjelda for vindkraft på land, når det no vert stilt krav om godkjent områdeplan. Elles ville denne regelen kunne undergravid den kommunale planmynden i einskildsaker.

Alver kommunen rår i frå at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Ein meiner denne overføringa av mynde kan undergrave det lokale sjølvstyret, og den mynden kommunane skal ha i denne typen arealsaker.

I framlegget til lovendring opnar ein for at utbyggjar kan fremje krav om å gå i gang med ein områderegulering for vindkraft. Alver kommune meiner det er litt uklart kva som ligg i at utbyggjar kan kreve slik områderegulering, og kva som er det lokalpolitiske handlingsrommet til å kunne avvise eit slikt krav. Dette bør difor presiserast meir i lovendringa, eller eventuelt takast heilt ut.

Alver kommune meiner det kan vere problematisk at bruk av områderegulering, slik den er fremja i lovendringa, opna for at det kan vere tilstrekkeleg å setja ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og tilkomstveg. Det å gjennomføre ein områderegulering på eit så overordna nivå kan bety at ein ikkje får fram alle problemstillingar knytt til arealbruken.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 025/23 uttale:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land, slik det kjem fram i saka.

Alver kommune støtter regelen i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, om at denne ikkje lenger skal gjelda for vindkraft på land, når det no vert stilt krav om godkjent områdeplan. Elles ville denne regelen kunne undergravid den kommunale planmynden i einskildsaker.

Alver kommunen rår i frå at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Ein meiner denne overføringa av mynde kan undergrave det lokale sjølvstyret, og den mynden kommunane skal ha i denne typen arealsaker.

I framlegget til lovendring opnar ein for at utbyggjar kan fremje krav om å gå i gang med ein områderegulering for vindkraft. Alver kommune meiner det er litt uklart kva som ligg i at utbyggjar kan kreve slik områderegulering, og kva som er det lokalpolitiske handlingsrommet til å kunne avvise eit slikt krav. Dette bør difor presiserast meir i lovendringa, eller eventuelt takast heilt ut.

Alver kommune meiner det kan vere problematisk at bruk av områderegulering, slik den er fremja i lovendringa, opna for at det kan vere tilstrekkeleg å setja ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og tilkomstveg. Det å gjennomføre ein områderegulering på eit så overordna nivå kan bety at ein ikkje får fram alle problemstillingar knytt til arealbruken.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Som uttalen frå utval for areal, plan og miljø

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 013/23 innstilling:

Alver kommune legg fram høyringsuttale til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land, slik det kjem fram i saka.

Alver kommune støtter regelen i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, om at denne ikkje lenger skal gjelda for vindkraft på land, når det no vert stilt krav om godkjent områdeplan. Elles ville denne regelen kunne undergravid den kommunale planmynden i einskildsaker.

Alver kommunen rår i frå at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Ein meiner denne overføringa av mynde kan undergrave det lokale sjølvstyret, og den mynden kommunane skal ha i denne typen arealsaker.

I framlegget til lovendring opnar ein for at utbyggjar kan fremje krav om å gå i gang med ein områderegulering for vindkraft. Alver kommune meiner det er litt uklart kva som ligg i at utbyggjar kan kreve slik områderegulering, og kva som er det lokalpolitiske handlingsrommet til å kunne avvise eit slikt krav. Dette bør difor presiserast meir i lovendringa, eller eventuelt takast heilt ut.

Alver kommune meiner det kan vere problematisk at bruk av områderegulering, slik den er fremja i lovendringa, opna for at det kan vere tilstrekkeleg å setja ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og tilkomstveg. Det å gjennomføre ein områderegulering på eit så overordna nivå kan bety at ein ikkje får fram alle problemstillingar knytt til arealbruken.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø og formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Regjeringa vil styrke rolla til kommunane i planlegging og utbygging av vindkraft på land. Kommunal og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet foreslår mellom anna som grep innføre krav om områderegulering etter plan- og bygningslova før det kan bli gitt konsesjon etter energilova. Det inneber at det må gjerast endringar i energilova og plan- og bygningslova for etablering av vindkraftverk på land.

Framlegget til endring er sendt på høyring.
Frist for å uttale seg er 27. februar 2023.

Saksopplysningar

Framlegget om endring i energilova og plan- og bygningslova, betyr ei endring i avgjerdsprosessane knytt til vindkraft på land. Høyringsnotatet følgjer opp oppmodningsvedtak frå Stortinget der regjeringa blir bedt om å fremje eit forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan- og bygningslova.

Energiloven av 1990 krev konsesjon dersom nokon ynskjer å bygge, eie eller drive energianlegg, inkludert vindkraft. Vindkraftanlegg var etter plan- og bygningsloven av 1985, også omfatta av kravet om reguleringsplikt for større bygge- og anleggstiltak. Dette vart endra fra 1. juli 2009, da plan- og bygningslova av 27. juni 2008 trådte i kraft, da unntok ein konsesjonspliktige vindkraftanlegg for reguleringsplikt.

Mål om effektive og ressursparande prosessar er og viktige omsyn i endringsframlegget frå departementa. Det nye regelverket vil bli utforma slik at det ikkje fører til unødvendig dobbeltbehandling. Tidlegare har kommunane risikert at prosjektet dei seier ja til blir endra før det blir bygd, slik at det til dømes ender med høgare turbinar enn kva som vart vedteke i første omgang.

Forlaga i høyringsnotatet inneber at det vert innført krav om arealavklaring i kommunane for vindkraftverk etter plan- og bygningslova i form av å bruke områderegulering, før ein kan gi konsesjon etter energilova.

Områderegulering gir kommunane mulighet til å avklare større områder i ein plan, der det er behov for meir detaljert styrings- og gjennomføringsverktøy enn i kommuneplanen. Områdereguleringen knytt til vindkraft skal vere overordna.

Det kan vere tilstrekkelig å sette ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og adkomstveg, der kommunen meiner at resten kan avklarast i konsesjonsprosessen. Kommunen kan og sette planbestemmelser om synlighet av turbiner fra bestemte kartfesta område, høyde, inngrepsfrie områder og andre overordna krav.

Kommunen skal kunne krevje at utbyggjar utarbeider forslag til områderegulering, og utbyggjar får ein tilsvarande rett til å kunne fremje slik plan. Høvet til å dispensera for vindkraftprosjekt som gjeld i dag, blir betydeleg innskrenka. Det kan likevel unntaksvis dispenserast frå kravet om områderegulering der overordna arealmessige føresetnader er fastsett på same detaljeringsnivå som i områderegulering, til dømes i kommune(del)plan.

Konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg etter energilova blir vidareført som i dag. Moglegheita til å oppheve og endre områderegulering for vindkraftanlegg med konsesjonssøknad blir avgrensa.

Særregelen om å kunne gi endeleg vindkraftkonsesjon verknad som statleg arealplan vert oppheva. Det blir òg klargjort at statleg arealplan ikkje kan påklagast.

Partar

Alver kommune er høyringspart i saka.

Framlegg til høyringsuttale frå Alver kommune

Kommunane har til no som oftast teke stilling til vindkraft ved høyring av

konsesjonsprosessane, mens den formelle planavklaringa har skjedd ved dispensasjon eller endring av plan. No foreslår regjeringa at det skal gjerast ei overordna avklaring av arealbruken etter plan- og bygningslova gjennom områderegulering – før det blir gitt konsesjon.

Regjeringa vil med dette forslaget gje lokale folkevalde meir kontroll i prosessar knytt til utbygging av vindkraft på land, og legg vekt på at auka involvering av kommunar og lokalsamfunn er naudsynt for å gjere prosessane legitime. Det er positivt at arealdisponering vert handtert av kommunen i overordna plan og ikkje som ein dispensasjonsøknad i samband med ei konsesjonssak.

Det er eit godt grep at kommunen sjølv skal vurdere arealbruk knytt til vindkraft gjennom bruk av plan- og bygningslova. Det kan likevel vere krevande at bruk av områderegulering slik den er fremma i lovendringa, opna for at det kan være tilstrekkelig å sette ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og adkomstveg. Det å gjennomføre ein områderegulering på eit så overordna nivå kan bety at ein ikkje får fram alle problemstillingar knytt til arealbruken.

I framlegget til lovendring opnar ein for at utbyggjar kan fremje krav om å gå i gang med ein områderegulering for vindkraft.

Dette kan vere utfordrande i planforvaltninga. Det er litt uklart kva som ligg i at utbyggjar kan kreve områderegulering og kva som er det lokalpolitiske handlingsrommet til å kunne avvise eit slikt krav, når saka endelig skal avgjerast gjennom ein konsesjonssøknad.

Det vil framleis vere mest hensiktsmessig at kommunen kan gjere vurderingar knytt til vindkraft i arealplan. Då får ein gjennomført ei overordna vurdering knytt til arealutviklinga i heile kommunen.

Alver kommune sluttar seg i hovudsak til framlegget om endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Det vert vektlagt som viktig at kommunane no får meir mynde over denne typen arealkrevjande tiltak, på lik line med andre typer næringsområde, der det lenge har vore plankrav i medhald av plan- og bygningslova.

Kommunedirektøren si tilråding

Høyringsforslaget vil gje kommunane meir lokalt sjølvstyre når det gjeld saker om vindkraft på land. Kravet om at ein godkjent områdeplan i medhald av plan- og bygningslova skal liggja føre, før det kan gjerast konsesjonsvedtak etter energilova, sikrar at lokaldemokratiet får betre kontroll over denne typen landbaserte anlegg.

Vindkraftanlegg kan berøra mange andre interesser knytt til påverknad på landskap, friluftsliv, folkehelse, miljø og viltinteresser med vidare, slik er den føreslåtte endringa ei naturleg utvikling i høve korleis andre typer arealkrevjande tiltak alt er omfatta av plankrav. Ved å stilla områdeplankrav vil og nabokommunar kunna uttale seg planframlegget. Dette er ein viktig rett, sidan vindmøller på land ofte vil ha stor påverknad også over kommunegrensene.

Vindkraft på land er arealkrevjande og kan vere konfliktfylt.

Plan- og bygningslova stiller og krav om brei medvirkning i planprosesser, noko som vil vere svært nyttig i slike saker som vil påverke arealutviklinga i stor grad i kommunen.

At regelen i pbl. § 6-4 siste ledd om statleg arealplan, ikkje lenger skal gjelda for vindkraft på land er eit rett og logisk grep, når det no vert stilt krav om godkjent områdeplan. Elles ville denne regelen kunne undergravid den kommunale planmynden i einskildsaker.

Alver kommune vil peike på at det kan vere krevande at bruk av områderegulering slik den er fremma i lovendringa, opna for at det kan være tilstrekkelig å sette ytre arealbruksgrenser med arealformål vindkraft og adkomstveg. Det å gjennomføre ein områderegulering på eit så overordna nivå kan bety at ein ikkje får fram alle problemstillingar knytt til arealbruken.

Der dei arealmessige føresetnadane er avklart i ein kommune(del)plan med same

detaljeringsnivå som krava til områderegulering, bør det ikkje vera naudsynt med krav til dispensasjon. Det må då gå klart fram av kommune(del)planen kva som er krava ved vidare bruk av dei aktuelle areala, t.d. om det er eit områdeplankrav eller ikkje.

Vindkraft på land er arealkrevjande og kan vere konfliktfylt. Plan- og bygningslova stiller og krav om brei medvirkning i planprosesser, noko som vil vere svært nyttig i slike saker som vil påverke arealutviklinga i stor grad i kommunen.

I høringsnotatet vert det føreslått at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Planprosessen og konsesjonsprosessen vil dermed kunna gå parallelt fram til vedtak i regi av NVE, men det vert ikkje foreslått andre formelle krav til samordning, enn at planvedtaket må treffast før det kan gjevast konsesjon. Det å leggja planframlegg ut på høyring er eit viktig institutt som bør vera underlagt lokaldemokratisk mynde (av lokale folkevalde), og ikkje eit embetsverk langt unna kommunane. Av den grunn rår Alver kommune ifrå at denne mynden knytt til plan- og bygningslova vert gjeve til NVE.

Dei andre endringane som departementa føreslår er gode, det gjeld i høve til lokalpolitiske handlingrom og meir effektive prosesser. Det gjeld og omsyn til hovudprinsippet ved endringa, det at vindkraft på land no vert innlemma i plan- og bygningslovgjevinga.

Vedlegg i saken:

30.01.2023	Høring - Forslag fra Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet	1872982
30.01.2023	horingsnotat_energiloven_pbl	1872983
30.01.2023	Høringsbrev vindkraft - pbl	1872984

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-121, FA-S80
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Utval for areal, plan og miljø	08.02.2023
005/23	Utval for næringsutvikling og drift	08.02.2023
012/23	Alver formannskap	09.02.2023
022/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Regional plan for fornybar energi - høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune legg fram høyringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka

Utval for areal, plan og miljø 08.02.2023:

Handsaming:

Endringsframlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

Tillegg – stryke siste kulepunkt på s. 15 under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi": - 0,5 -3,4 Twh ny straum frå landvind i høve 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 026/23 uttale:

Alver kommune legg fram høyringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka, med slik endring:

Tillegg – stryke siste kulepunkt på s. 15 under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi":- 0,5 -3,4 Twh ny straum frå landvind i høve 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.

Utval for næringsutvikling og drift 08.02.2023:

Handsaming:

Olav Steinar Namtvedt-SP sette fram følgjande framlegg til uttale:

Alver kommune gjer framlegg om at siste kulepunkt på s. 15 - under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi":

- "0,5-3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla på kraftnettet i Vestland" - vert stroke.

Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Alver kommune legg fram høyringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka, og vil peika på følgjande:

Alver kommune meiner kjernekraft må vurderast som energikjelde, og er glad for at det i

planen vert peikt på trong for ei eiga analyse for denne energikjelda.

Framlegget frå O.S. Namtvedt fekk 2 røyster og fall (Namtvedt-SP, Y. Walaker-FRP)

S. Lavik sitt framlegg til uttale vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg. Lavik sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke mot 1 røyst (O.S.Namtvedt-SP)

ND- 005/23 uttale:

Alver kommune legg fram høringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka, og vil peika på følgjande:

Alver kommune meiner kjernekraft må vurderast som energikjelde, og er glad for at det i planen vert peikt på trong for ei eiga analyse for denne energikjelda.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

"Alver kommune legg fram høringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka, og vil peika på følgjande:

Alver kommune meiner kjernekraft må vurderast som energikjelde, og er glad for at det i planen vert peikt på trong for ei eiga analyse for denne energikjelda. "

Framlegget vart vedteke med 12 røyster, mot 1 røyst (J.Hellestveit-SP)

Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP:

Alver kommune viser til kommunestyrevedtak i Alver som seier nei til vindkraft i fjella. Alver viser også til sitt svar på spørsmål frå VLFK i kartlegging av kommunar, og om desse vil leggja til rette for vindkraftindustri på land, jmf. vedtak i fylkesutvalet, sak PS 115/2022 Planprogram Regional plan for fornybar energi i Vestland.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå J.Hellestveit-SP:

Stryke siste kulepunkt på s. 15 under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi":- 0,5 -3,4 Twh ny straum frå landvind i høve 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster (N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, N.Øvreås-FRP, I.Fjeldsbø-H, N.M.Aadland-H, J.Hellestveit-SP, S.Sekkingstad-SP, M.Færø-uavh., M.Klementsens-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Framlegg frå M.Klementsens-UAVH.:

Alver kommune ser det ikke som hensiktsmessig at en setter i gang vindkraft på sjø i fylket vårt. Framlegget 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.) Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 012/23 innstilling:

Alver kommune legg fram høringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka med følgjande tillegg/endingar:

"Alver kommune legg fram høringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035, slik det kjem fram i saka, og vil peika på følgjande:

Alver kommune meiner kjernekraft må vurderast som energikjelde, og er glad for at det i planen vert peikt på trong for ei eiga analyse for denne energikjelda. "

Alver kommune viser til kommunestyrevedtak i Alver som seier nei til vindkraft i fjella. Alver viser også til sitt svar på spørsmål frå VLFK i kartlegging av kommunar, og om desse vil leggja til rette for vindkraftindustri på land, jmf. vedtak i fylkesutvalet, sak PS 115/2022 Planprogram Regional plan for fornybar energi i Vestland.

Stryke siste kulepunkt på s. 15 under "Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi":- 0,5 -3,4 Twh ny straum frå landvind i høve 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift og utval for areal, plan og miljø
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Vestland fylkeskommune har lagt «Regional plan for fornybar energi 2023-2035» ut på høyring, med innspel frist 20. februar 2023.

Planen har eit (eige dokument) strategisk handlingsprogram for å følgje opp måla i planen for fornybar energi og byggjer på eit kunnskapsgrunnlag.

Regional plan for fornybar energi skal vere eit av grunnlaga for klimaomstillinga i Vestland fylke. Planen har som oppdrag å fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.

Alver kommune er invitert til å kome med høyringsvar til plandokumentet.

Alver kommune gav uttale til planprogrammet for planen. (vedlegg til saka)

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Vestland skal fortsette å vere Noregs største produsent av rein fornybar energi som både kan delast med omverda samtidig som grønne industrier fortset å vekse i fylket. Ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er ein viktig føresetnad for vidare verdiskaping.

Utviklingsplanen for Vestland løftar behovet for ein ny og tydeleg regional plan på energifeltet. Stadig større elektrifiseringsbehov, meir fornybar kraftproduksjon, ny industri og endra forbruksmønster aukar presset på kraftsystemet, samstundes som det aukar presset på areal, natur og landskap.

Planen omhandla dei seks fornybare energikjeldene vasskraft, vindkraft, havenergiane, solenergien, termisk energi og bioenergi.

Regional plan skal leggest til grunn for regionale organ si verksemd, for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen (jf. § 8-2)6 . Regional plan for fornybar energi er eit strategisk verktøy for å styrke arbeidet med, og vekst av, energi frå fornybare energikjelder i Vestland.

Mål med planarbeidet:

«Vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping»

Planen er bygd opp med plantema:

- Auka produksjon frå fornybare energikjelder

Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder, landskaps og kulturverdiar

Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet.

Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland

Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi

- Robust kraftforsyning i Vestland

Delmål 5: Vi har stabil og positiv kraftbalanse

Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.

Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjon

Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet

Delmål 9: Vi har nok energi til hubane til Grøn energi Vestland

Sakshistorikk

Alver kommune gav høyringsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi. datert 05.05.22. Høyringsuttalen var eit notat og ikkje ei politisk sak. Årsaka var at Alver kommune ikkje kunne handsame planprogrammet politisk, då det var alt for kort frist i høve til møteplanen. Notatet vart lagt som orientering i politiske utval.

Partar

Det er Vestland fylkeskommune som er planansvarleg. Planen vil ha verknad for arealforvaltning også i Alver. Alver kommune er ein høyringspart i denne saka.

Framlegg til høyringsuttale frå Alver kommune

Ein regional plan for fornybar energi vil ha innverknad på areal- og naturforvaltninga i Alver. Planen og plantema omtaler fleire kjelder til fornybar energi, til dømes er vasskraft sentralt. Det vert ikkje kommentert her då det ikkje er så relevant for Alver kommune.

Plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder

Vindkraft

Planen omtaler ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi, det er knytt føringar til korleis vi skal handtere tema vindkraft regionalt og i forvaltninga i kommunane.

Planen seier at det er eit mål at i Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv. Det blir stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar.

Desse retningslinene gjev gode føringar på korleis vi skal behandle saker om vindkraft i Alver. Det er lagt til eit eige punkt om at det ikkje blir bygd ut vindkraft som er i strid med kommunestyrevedtak. Dette er i tråd med innspelet som Alver kommune hadde til planprogrammet for planen. I denne merknaden vart det understreka at dersom det skal leggst til rette for vindkraft i Alver, må det vere lokal aksept for dette. Alver kommune har i dag eit kommunestyrevedtak på at det ikkje er ynskjeleg med vindkraft i fjella.

Bioenergi

I Vestland har vi store potensielle kjelder til bioenergi. Spesielt sekundærprodukt frå skogbruk, landbruk og fiskeoppdrett har høgt potensial i regionen. Alver er ein stor skog og landbrukskommune og har eit potensiale til å utvikle bioenergi.

Kapasitet og kompetanse:

Dersom Vestland skal lukkast med å legge til rette for fornybar energiutvikling må vi bygge kompetanse. Det er avgjerande at vi samarbeider med bedriftene, offentleg sektor og forskings- og utdanningsinstitusjonane for utdanning.

I vidaregåande skule må læreplanar ha fokus på fornybar energi i eit heilskapleg energisystem. Vi må styrke spisskompetansen gjennom spesialiserte utdanningar. I Alver ligg Knarvik vidaregåande skule. Fornybar energi er tema som er relevant å ta inn som ein del utdanningstilbodet, særskilt sidan Knarvik vgs ligg så tett på Mongstad, som er sentral i arbeidet med det grønne skifte. Det bør opprettast formelle samarbeidskanalar for å utvikle dette tema. Her har vestland fylke som skuleeigar ein viktig rolle i samarbeid med næringa.

Plantema: Robust krafforsyning i Vestland

Vestland fylke har som planmål å arbeide for stabil og positiv kraftbalanse og at vi i har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.

Kraftnettet ikkje har kapasitet til å frakte så mykje kraft vi skulle ynskje til der vi treng den.

Industriområde utan tilgang på kraft er uaktuelle stader å etablere seg for kraftkrevjande industri. Samstundes kan ikkje kraftprodusentar med konsesjon byggje kraftverk fordi det ikkje er plass til meir kraft i nettet.

I prosjektet Grøn region Vestland blir det peika på at for låg kapasitet i kraftnettet er ei av dei største barrierane for det grønne skiftet i Vestland.

Vestland fylke med si historiske industriutvikling knytt til vasskraft og med store energiprodusentar må arbeide systematisk for at kraftforsyninga vert styrka, mellomanna er det det grønne skiftet på Mongstad er avhengig av sikker kraftforsyning. Det å utbetre kraftnett er vesentleg for å ha mogelegheit til å ha god kraftbalanse gjennom året, og mogelegheit for likare prisar i dei tre prisområda som påverkar fylket.

Statsnett og andre netteigarar i Vestland jobbar for å utbetre kapasiteten i kraftnettet, men utviklinga går ikkje fort nok.

Fylket og næringslivet og andre offentlege instansar må samarbeida på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som gagnar innbyggjarar og industriutviklinga i Vestland. Alver kommune vil understreke at dette plantema er svært viktig.

Retningslinjer for fornybar energi

Dei fylkespolitiske retningslinene er utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt, regionalt og statleg nivå i Vestland.

Regional plan for fornybar energi vil også vere retningsgivande for kommunal planlegging som kan påverke vekst av fornybar energi samstundes som ein tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Planen har retningslinjer som vil vere førande for planlegging og forvaltninga i Alver. I merknaden til planprogrammet peika Alver kommune på at retningslinene bør tydeleggjere korleis dei handterast i praksis. Det er framleis litt uklart kva verknad har planen for lokalpolitisk handlingsrom. Er det motsegnrett i plansaker knytt til retningslinene?

Ei anna problemstilling knytt til retningslinene er at det er mange retningslinjer og det gjev eit litt uoversiktlege bilete.

Det er mange bør retningslinjer og nokre skal. Kva føringar skal dei ulike retningslinene ha i kommunen sin behandling knytt til saker om fornybar energi?

Eit døme er retningslina: «Det skal i kommunal og regional planlegging bli lagt til rette for lokal produksjon og bruk av fornybare energikjelden».

Det er uklart kva dette i praksis inneber? Skal det leggjast ut arealformål til tema i arealplanen til kommunen? Det behov for å tydeleggjere kva som ligg i dette, særleg sidan det er sagt «skal» i retningslinene.

Utfordringa med retningslinene er og at fleire ulike lovverket handterer denne type saker.

Det er mange retningslinjer knytt til kraftutbygging, som er gode og relevante, men desse vert handtert i konsesjonsbehandlinga ved kraftutbygging. Der er kommunen og fylkeskommunen ein høyringspart. Dei tema som er sett opp som retningslinjer er det som NVE praktiserer i sine behandlingar.

Når det gjeld vindkraft så var Alver kommune tydleg i høyringsuttalen til planprogrammet at det ikkje skal opnast for vindkraft i kommunane dersom ikkje kommunen sjølv ynskjer det. Det er bra at dette er nå teke inn i retningslinene i punkt 14. «Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.»

I punkt 13 i retningslinene «Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.» kan det vere utfordra å vurdere kva som ligg i omgrepet viktige verdiar, dette omgrepet går igjen i fleire av retningslinene. Kan dette tydeleggjerast i retningslinene?

Handlingsprogrammet som vedlegg til planen

Dokumentet er det fyrste handlingsprogrammet til Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035, og har ei varigheit på 4 år.

Det er særleg tema robust kraftforsyning i Vestland som er løfta fram i handlingsprogrammet.

Delmål 7. « Vi har ein positiv og sikker kraftbalanse» og delmål 8. «Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland».

Desse er løfta fram som prioritert i handlingsprogrammet. Tiltak knytt til måla handlar om påverknad og samarbeid i kraft av vestland fylke si rolle, dette meiner Alver kommune er ei god prioritering. Alver kommune vil gjerne vere ein bidragsytar i dette samarbeidet.

Oppsummering

Alver kommune støttar hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Regional plan for fornybar energi er ein krevjande plan å følgje opp. Det er mange ulike lovverk og forvaltningsnivå knytt til gjennomføring av ambisjonsnivået knytt til fornybar energi.

Alver kommune meiner det som bør ha størst fokus i gjennomføringa av plan er kraftsituasjonen i vestland. Eit robust kraftforsyning er ein premiss å kunne gjennomføre det grønne skiftet. Her kunne planen vore tydlegare i konkrete mål for å få til arbeidet. Plantema robust kraftforsyning bør ha mest fokus i det vidare arbeidet. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.

Når det gjeld handlingsprogrammet er Alver kommune er samd i at det er rett prioritering at mål knytt til kraftsituasjonen er løfta fram i handlingsprogrammet.

Retningslinene bør etter Alver kommune sitt syn ryddast og strammast opp, særleg gjeld dette det er retningslinene i høve til vasskraft.

Det bør tydeleggjerast i plandokumentet kven som har ansvar for dei ulike prosessane med omsyn til søknad om konsesjon for utbygging av fornybarenergi.

Alver kommune vil igjen peike på verdien av reell medverknad i planarbeid. Planen kom på høyring i perioden det var juleferie. Det er nyttig med tidleg dialog med kommunen og ein sjekk om det reelt å behandle saka politisk i høve til møteplan.

Vedlegg i saken:

05.12.2022	Høyring Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027	1846752
05.12.2022	Høyringsutkast-Regional plan for fornybar energi.pdf	1846753
05.12.2022	Utkast Handlingsprogram Rein handlekraft 2023-2027.pdf	1846754
05.12.2022	Kunnskapsgrunnlag for regional plan for fornybar energi 25.10.22.pdf	1846755
05.12.2022	Saksprotokoll FUV (10).pdf	1846756
30.01.2023	Høyringsvar til planprogram for regional plan for fornybar energi	1731935

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-026
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
016/23	Alver formannskap	09.02.2023
023/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid - Nordhordland Legevakt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektør Ørjan Forthun Raknes orienterte og svara på spørsmål. Utvalet slutta seg samrøystes til kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 018/23 uttale:

Utvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 016/23 innstilling:

Kommunestyret i Alver vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I sak 155/21 Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt, vart det gjort følgjande vedtak: «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022».

Inngått avtale om administrativt vertskommune-samarbeid i 2013 mellom Lindås kommune og kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Gulen og Osterøy om Nordhordland legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgntilbod - vedtak 14.02.2013 KO sak 11/13.

Det er 1 år oppseiingstid på avtalen gjeldande frå kvart årsskifte.

Alver kommune har overtatt Lindås kommune sitt vertskommunesansvar etter kommunesamanslåing mellom Lindås, Radøy og Meland frå 2020. Før årsskiftet i 2020 sa Fedje kommune opp avtalen og gjekk ut av samarbeidet om legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgnseger frå 1.januar 2022. Dei vil frå 2022 berre vera tilknytt legevaktsentralen (116 117).

Hausten 2020 vart det starta opp eit prosjekt der formålet med prosjektet var å sikre ei organisering med medisinsk forsvarlege tenester innanfor kommunane sine økonomiske rammer. Prosjektgruppa var samansett av fungerande legevaktsjef, fagsjukepleiar legevakt, kommunalsjef frå samarbeidskommunane og hovudtillitsvald. Prosjektet vart leia av tenesteleiar for lege- og rehabiliteringstenester. Referansegruppe var fagråd for kommuneoverlegar, tilsette ved Nordhordland legevakt, administrativ nemnd for NHLV, rådmennene og kommunalsjefar i samarbeidskommunane. Prosjektet sin konseptfase er no avslutta og det vert gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (teneste-ROS) ved legevakta. I samband med dette vert det gjort vurdering av om tenestene er fagleg forsvarleg. På bakgrunn av endringar som kommunesamanslåing, oppseiing frå ein av samarbeidskommunane, behov for å vurdere økonomisk fordeling og om legevakta oppfyll krava til å vere medisinsk forsvarleg vart det vurdert som formålstenleg å seie opp avtalen frå 2013.

Saksopplysningar

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vart sagt opp i desember 2021, med mål om å inngå ny avtale i 2022. Legevaktsjef, tenesteleiar for legetenesta og rehabilitering, kommunalsjef helse og omsorg og kommunedirektør har i samarbeid utarbeidd forslag til avtale. Kommunedirektøren har hatt ein prosess med kommunedirektørar/rådmenn i samarbeidskommunane for å kome fram til ei avtale som ein administrativt er einige om. Dette arbeide var slutført i eit felles møte mellom kommunedirektørar/rådmenn 18. november 2022. Dette var dessverre for seint til å rekke handsaming i alle kommunestyra før jul og saka vert lagt fram no.

Tilbodet frå Nordhordland legevakt til kommunane stettar det som til ein kvar tid er lovkrav og tilrådingar til tenesta. Den interne organiseringa er endra som følge av at ØHD-tilbodet på Helsehuset er flytta ut i kvar enkelt kommune. Bemanningsplanen føl sentrale anbefalingar til lege og sjukepleiarbemannig.

Innhaldet i avtalen føl krav i lova for avtale om administrativt vertskommunesamarbeid.

I kapittel 8 i avtalen er «rapportering og informasjon» omtala. Det vert lagt opp til at ordførarane vert orientert ein gong i året om Nordhordland legevakt. Avtalen legg opp til at dette skjer i samband med eit av møta i regionrådet.

For samarbeidskommunane var det viktig å få på plass tydelegare styrings- og rapporteringsrutinar. Det er difor utarbeidd ein administrativ og fagleg samarbeidsavtale. Denne ligg ved saka til orientering. Denne er utarbeidd av kommunedirektørane/rådmennene i samarbeidet.

Det vert lagt opp til at dagens administrative nemnd beståande av kommunalsjefar vert lagt ned. I staden vert Nordhordland legevakt tema på to fellesmøte i året mellom kommunalsjefar og kommuneoverlegar etter kap. 7 i avtala.

Det er også lagt inn i avtalen at det skal vere eit årleg møte mellom vertskommunen og kvar enkelt av samarbeidskommunane. Dette er ei ny ordning.

Kommunedirektøren i vertskommunen skal i staden etter kap. 6 i «Administrativ og fagleg samarbeidsavtale» rapportere til dei andre kommunedirektørane/rådmennene:

«6. Rutinar for administrativ rapportering

Rådmenn/kommunedirektørar i vertskommunen og samarbeidskommunane skal ha møte minimum tre gongar i året. Desse møta vert i utgangspunktet satt opp i samband med

tertialrapportar, årsavslutning og budsjett.

I desse møta skal minimum følgande tema vere på dagsorden:

- Fagleg status legevakta
- Økonomi (løpande rapportering, årsrekneskap og budsjett)
- HMS og sjukefråvær
- Avvik
- Gjennomgang av Alver kommune sitt styrings- og rapporteringssystem (ein gong i året)
- Gjennomgang av politiske og administrative vedtak som gjeld legevakta/legevaktssentral.

Vertskommunen utarbeider ein kortfatta årsrapport.»

Kommunedirektørane/rådmennene i kommunane i samarbeidet er kome fram til at 22 % fastdel er eit rimeleg utgangspunkt for kostnadsfordelinga mellom kommunane framover. Med dette vil Alver kommune betale 55 % av totale kostnader med utgangspunkt i folketal pr. 1.1.2022. Alver kommune sin del av totalt folketal aukar noko år for år. Dette gjer at Alver sin del av totale kostnader aukar tilsvarande.

Frå ny avtaleperiode er det lagt inn kr 1,5 mill. i administrativt påslag til vertskommunen. Dette påslaget går inn i kostnadsfordelinga på vanleg måte.

Legevakta har variable kostnader og inntekter som er omtrent like store. Dette inneber at tal besøkande har lite å sei for totalkostnaden. Den største kostnadskomponenten er kostnader til leger og sjukepleiarar i vakt. Denne bemanninga er fast og Norhordland legevakt føl nasjonale anbefalingar for ein legevakt med vårt befolkningsgrunnlag (Ca. 45 000 innb.).

Alle kommunar har både økonomisk og faglege fordelar av samarbeidet. Dei minste kommunane har størst prosentvis økonomisk fordel av samarbeidet, mens Alver kommune har fordel av at legevaktssamarbeidet er lokalisert til Knarvik.

Vedlegg i saken:

03.02.2023	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid Nordhordland legevakt	1876324
03.02.2023	Administrativ og fagleg samarbeidsavtale knytt til vertskommunesamarbeid om legevakt og legevaktssentral	1876323

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-000
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
124/22	Alver formannskap	01.12.2022
173/22	Alver kommunestyre	15.12.2022
024/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Eigarskapsmelding del 1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigarskapsmelding del 1. vedtakast.

Alver formannskap 01.12.2022:

Handsaming:

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Styrkje og erstatte siste setning i pkt 1 17 prinsipp for eigarstyring (side 8)

FN sine berekraftmål skal inkluderast i selskapa sine strategiar og ein skal arbeide aktivt med å følgje dette opp i dagleg drift.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, M.I.Wergeland-SP og S.Sekkingstad-SP)
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 124/22 innstilling:

Eigarskapsmelding del 1. vedtakast.

Alver kommunestyre 15.12.2022:

Handsaming:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 173/22 Vedtak:

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Saka har vore til drøfting i formannskapet og dei gjorde følgjande vedtak:

FO- 116/22 Vedtak: Saka tas til orientering med følgjande ending: Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til: For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventta avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.

I vedlagde Eigarskapsmelding del 1, er teksten frå vedtaket innarbeida.

Kommunar har stor fridom til velje korleis dei vil organisere kommunen sin verksemd. Når kommunen vel å organisere deler av verksemda i til dømes aksjeselskap eller interkommunale selskap, vert verkemidla for folkevalde sin styring og kontroll endra. Kommunestyret får da ei rolle som eigar og må styre gjennom selskapa sine eigarorgan.

Kommunelova set krav om at kommunestyret, minst ein gang i kvar valperiode skal handsame eigarskapsmeldinga. Eigarskapsmeldinga skal innehalde: prinsipp for eigarstyring, oversikt over selskap, føretak og andre verksemdar kommunen har eigarinteresse eller tilsvarande interesser i.

Vurdering

Alver kommune har eigarskapsmelding, utarbeida i 2019. Denne tilfredstillar mange av krava i kommunelova, men det er kommentert i denne at Alver kommune sine forventningar vert å kome attende til.

KPMG har gjennomført eigarskapskontroll: «Generell eigarstyring» og kome med nokre punkt til forbetringar, mellom anna (Saksnr 004/22 Alver kommunestyre):

- Utarbeide retningslinjer som set føringar for korleis valkomiteen skal kome fram til innstillingar til styremedlem i kommunale eigde selskap
- Fleire konkrete råd i samband med strategiprosess for eigarstyring
- Utarbeide eigarskapsmelding for Alver kommune i løpet av valperioden i tråd med krav i kommunelova
- Gjere ein gjennomgang av dei registrerte opplysningane o KS styrevervregister, samt oppdatere styreverva som manglar i Styrevervregisteret
- Nedfelle prinsipp for omfang og gjennomføring av eigarmøte for selskapa
- Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i reviderer etiske retningslinjer
- Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i jamleg reviderer etiske retningslinjer
- Følgje opp at selskapa kommunen har eigarskap i har rutinar for vurdering og handtering av habilitet.

Vedlagde framlegg til Eigarskapsmelding (Del 1) gjer mynde frå kommunestyre til formannskap som eigarutval. Formannskapet, ordførar og administrasjonen/eigarskapssekretariat får tydeleggjort oppgåvene om å følgje opp ovanfor nemnde punkt, minus punkta om KS Styrevervregister.

Administrasjonen har sikra at alle folkevalde kan registrere sine interesser i KS Styrevervregister, men sjølve registreringa og kontroll av eigne opplysningar, må gjerast av den einskilde representant. Når eigarskapsmeldinga er endeleg vedteken vil registeret også gjerast tilgjengeleg for styremedlemmane med fleire.

Det er nokre prinsipielle vurderingar som administrasjonen vil gjere spesielt merksam på, kor det er mogleg å gjere andre val:

- I innleiinga, peiker vi på at Eigarskapsmeldinga (Del 2) vert handsama årleg, som del av årsmeldinga til kommune. Ver merksam på at dette vil vere tal som er eit år gamle, rekneskapstal for selskapa i år 2020 vil verte handsama saman med kommunen sine tal frå 2021. Dette skuldast at selskap har frist til juli med å rapportere rekneskap og årsmelding.
- Under Eigarutvalet sin rolle og mynde, viser kommunestyret til at det er formannskapet som skal fungera som eigarutval.
- Styret sin rolle og ansvar: Vi anmoder selskapa å tegne styreforsikring.
- Styrehonorar: Dette punktet er ikkje naudsynt å ta med, men om kommunestyret

ynskjer å ha meining om dette, bør avsnittet vere med.

Administrasjonen har ikkje dedikerte ressursar til å utføre oppgåvene knytt til eigarsekretariat, men må delast mellom tilgjengelege ressursar. Ambisjonsnivået bør reflektere omfanget av eigarskap og tilgjengelege ressursar. Ansvar for oppfølging av dei administrative oppgåvene/eigarsekretariat vert lagt til assisterande kommunedirektør. Arbeidet med å følge opp eigarskapsmeldinga tek til umiddelbart, men kommunestyret må rekne med at neste valperiode vert nytta til å innarbeide prinsippa og ambisjonane.

Eigarskapsmelding (Del 1) er tenkt nytta som «oppslagsverk» for folkevalde, administrasjon, styremedlemmar og andre som har interesse for kommunalt eigarskap. Den vert rullert i kvar valperiode, men det er tenkt at hovudtrekka har lang gyldigheit og at endringane vert få, mellom kvar handsaming.

Når kommunestyret har handsama saka knytt til eigarskapsmeldinga, vert denne oversendt kontrollutvalet, som del av deira sakshandsaming.

Vedlegg i saken:

03.11.2022	Anbefalinger-om-eierskap-F41-web	1828504
24.11.2022	Eigarskapsmelding del 1 - Alver kommune 30.6.22	1840989
03.11.2022	KO sak 004-22 Rapport frå eigarskapskontroll - Generell eigarstyring	1828506
24.11.2022	Eigarskapsmelding Alver kommune 2019	1840988
08.12.2022	Eigarskapsmelding - uttale ND - lagt ved til KO	1848701
15.12.2022		

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-000, TI-&20
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/23	Administrasjonsutval	08.02.2023
010/23	Alver formannskap	09.02.2023
025/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Organisasjonsprosjekt Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om alternativ 3, kunngjering av konkurranse for rammeavtale som skal gjelda konsulenttenester innan organisasjonsarbeid.

Dette for å sikra fleksibilitet og best mogleg ressursutnytting ved at vi slepp å potensielt måtte gjennomføra fleire anskaffingsprosessar på kort tid.

Administrasjonsutval 08.02.2023:

Handsaming:

Protokolltilførsel frå HTV-representantane v/Jarle Næss:

I tråd med eit brev som tidlegare er sendt til Kommunestyret, meiner HTV-representantane i Administrasjonsutvalet at gjennomgangen av tenestestrukturen i Alver kommune i størst mogleg grad bør gjennomførast internt, og ikkje av eksternt konsulentfirma. HTV-representantane oppmodar Formannskapet/Kommunestyret til å gjere om på vedtaket om ekstern konsulentbistand.

Framlegg:

Saka vert sendt til vidare handsaming til formannskapet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 005/23 uttale:

Saka vert sendt til vidare handsaming til formannskapet

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Komunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 010/23 innstilling:

Kommunestyret gjer vedtak om alternativ 3, kunngjering av konkurranse for rammeavtale som skal gjelda konsulenttenester innan organisasjonsarbeid.

Dette for å sikra fleksibilitet og best mogleg ressursutnytting ved at vi slepp å potensielt måtte

gjennomføra fleire anskaffingsprosessar på kort tid.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Saka er behandla i kommunestyret (ksak 182/22) og det vart gjort følgjande vedtak:

Det må snarast setjast i gong eit prosjekt i heile kommuneorganisasjonen der målet er å finne ei berekraftig og framtidretta drift av kommunen. Ei kontinuerleg forbetring der ein bla tar metoden LEAN i bruk skal vurderast.

Kommunestyret meiner ein som organisasjon må ha god kunnskap i kva kompetanse som er rett kompetanse for å løyse oppgåvene til ei kvar tid i tenesteområda.

Kommunestyret viser til Fagforbundet si uttale til kommunestyret der dei peikar på at Alver kommune si organisering må evaluerast, og at ein går igjennom heile organisasjonen, alle sektorar, tenesteområde og avdelingar. Vi er samde med Fagforbundet, og organisasjonsprosjektet må ha god dialog og samhandling med tillitsvalde og vernetenesta gjennom bla administrasjonsutvalet.

Det skal utarbeidast eit mandat for arbeidet og Formannskapet skal vere styringsgruppe for prosjektet. Dei politiske fagutvala skal haldast orientert og høyrast i prosessane. Organisasjonsprosjektet skal gjennomførast og leiast av ekstern kompetanse.

Den økonomiske ramma for konsulentbistand knytt til organisasjonsprosjektet er satt til kr 1 000 000.

Alver kommune er pålagt å følga lov og forskrift om offentlege anskaffingar. I anskaffingsregelverket er det satt beløpsgrenser som angir kva del av anskaffingsregelverket som gjer seg gjeldande for ein anskaffelse. Under er det skissert opp tre ulike alternativ til gjennomføring av anskaffelsesprosess, med utgangspunkt i den økonomiske ramma.

Alternativ 1: Invitere utvalgte leverandører til konkurranse

For anskaffingar under kr 1 300 000 eks. mva. opnar anskaffingsregelverket for ein forenkla prosess ved at Oppdragsgivarar kan velkje å ikkje kunngjera konkurransen. I staden kan Oppdragsgivar invitera utvalde leverandørar. Vi står fritt til å velja å invitera dei leverandørane vi ønsker, men skal i tråd med regelverket og eige innkjøpseglement innhente minimum tre tilbod.

Tidsmessig vil vi kunne gjennomføra ein slik forenkla anskaffingsprosess i løpet av om lag 2 månader frå oppstart til signering av kontrakt, forutsett at ein ikkje får ein langvarig klageprosess i etterkant av anskaffinga. Anskaffinga kan gjerast ved å nytte interne ressursar.

Ei potensiell ulempe ved dette prosessalternativet er at det ikkje er mogleg å legge inn opsjonar eller endringar som gjer at kontrakten i verdi vil overstiga kr 1 300 000, ettersom konkurranse då må kunngjerast.

Det inneberer at dersom kommunestyret kan tenke seg at det blir nødvendig eller ønskeleg å nytta ytterlegare konsulentbistand, til dømes til å bygga vidare på evaluerings- og kartleggingsarbeidet skissert i verbalpunktet, kan det være hensiktsmessig å vurdere andre alternativ som gir større handlingsrom i forhold til endring av art og omfang undervegs.

Alternativ 2: Kunngjering av konkurranse - enkeltanskaffing

Dersom kommunestyret ønsker å legge til opsjonar som gjer at verdiestimatet for anskaffinga landar over kr 1 300 000, vil vi måtte kunngjere konkurransen. Opsjonane må beskrivast slik at det er tydeleg for partane kva desse inneber og inneheldt, både i form av oppgåver, ansvar, forventningar, resultat og volum. Dette krev at vi har eit relativt klart bilete av dei opsjonane som kan verte aktuelle.

Ei utfordring med dette er at det er vanskeleg å skulle sjå klart for seg kva som kan verte aktuelt av ytterlegare tenester og i kva omfang, før kartleggings- og evalueringsarbeidet er gjennomført.

Vi må gå ut frå at anskaffinga vil verte meir tid- og ressurskrevjande når ein kunngjer konkurransen. Undersøkingar på Doffin (database for offentlege innkjøp) viser at det kan være eit stort spenn på tal tilbod, men at vi må rekna med å kunne få opp mot 17 tilbod, som er det talet som går oftast att i liknande anskaffingar gjennomført i 2022. Antakeleg vil anskaffingsprosessen skissert i dette alternativet ta mellom 3-4 månader frå oppstart til signering av kontrakt, forutsett at vi ikkje får ein langvarig klageprosess i etterkant av anskaffinga.

Dersom konkurransen skal kunngjerast vil dette krevje bruk av eksterne konsulentar knytt til offentlege anskaffingar, grunna manglande interne tilgjengelege innkjøpsressursar.

Alternativ 3: Kunngjering av konkurranse - rammeavtale

Alternativ tre er å kunngjera konkurranse for rammeavtale som skal gjelda konsulenttenester innan organisasjonsarbeid.

Fordelen med ein rammeavtale er at denne vil gi kommunen stor fleksibilitet dersom behovet endrar seg undervegs i prosjektet. Med ein rammeavtale kan kommunen fortløpande gjera kjøp på avtalen i avtaletida. Ein rammeavtale varer vanlegvis over ein fireårsperiode og ein rammeavtale gir dermed stabilitet og sørger samstundes for at ein slepp å gjennomføra nye anskaffingsprosessar dersom ein seinare skulle komme til at vi treng eller ønsker ytterlegare konsulentbistand. Med ein rammeavtale sikrar ein også god ressursutnytting, ved at ein slepp å gjennomføra fleire anskaffingsprosessar i avtaleperioden.

Tilsvarande som for alternativ 2 vil ei kunngjering i Doffin gjere anskaffingsprosessen meir tidkrevjande grunna mengda med tilbod som vi truleg vil måtte forhalda oss til. Vi vil også bruke noko meir tid på å ramme inn behovet, ettersom vi ikkje berre vil måtte beskriva noverande behov. Antakeleg vil anskaffingsprosessen skissert i dette alternativet ta mellom 3-4 månader frå oppstart til signering av kontrakt, forutsett at vi ikkje får ein langvarig klageprosess i etterkant av anskaffinga.

Dersom konkurransen skal kunngjerast vil dette krevje bruk av eksterne konsulentar knytt til offentlege anskaffingar, grunna manglande interne tilgjengelege innkjøpsressursar.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Utval for helse og omsorg	07.02.2023
022/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	07.02.2023
004/23	Utval for næringsutvikling og drift	08.02.2023
035/23	Utval for areal, plan og miljø	08.02.2023
015/23	Alver formannskap	09.02.2023
026/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Endring i politisk styringsstruktur og reglement jf.vedtak i KO sak 182/22

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Politisk styringsstruktur og reglement, gjeldande frå oktober 2023, vert vedteke som det ligg føre til saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 07.02.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Laila Bjørge-Sp:

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

- 11 personar i Formannskapet
- 7 personar i kvart av utvala for
 - Helse- og omsorg
 - Næring
 - Oppvekst, kunnskap og kultur
 - Areal, plan og miljø
- 2 personar i Kontrollutvalet

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 022/23 utfale:

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

- 11 personar i Formannskapet
- 7 personar i kvart av utvala for
 - Helse- og omsorg
 - Næring
 - Oppvekst, kunnskap og kultur
 - Areal, plan og miljø
- 2 personar i Kontrollutvalet

Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**Handsaming:****May-Irene Wergeland-SP sette fram følgjande framlegg til uttale:**

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

- 11 personar i Formannskapet
- 7 personar i kvart av utvala for
 - Helse- og omsorg
 - Næring
 - Oppvekst, kunnskap og kultur
 - Areal, plan og miljø
- 2 personar i Kontrollutvalet

Framlegget frå M.I. Wergeland fekk 4 røyster (M.I. Wergeland-SP, S. Knudsen-SP, T. Helland-SP, A. Helle-R) og vart vedteke mot 3 røyster (K.Gjetle Floen-AP, K. Vikebø Nesse-AP, R. Bø-H)

HO- 014/23 uttale:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i saka:

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

- 11 personar i Formannskapet
- 7 personar i kvart av utvala for
 - Helse- og omsorg
 - Næring
 - Oppvekst, kunnskap og kultur
 - Areal, plan og miljø
- 2 personar i Kontrollutvalet

Utval for areal, plan og miljø 08.02.2023:**Handsaming:****Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:**

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

- 11 personar i Formannskapet
- 7 personar i kvart av utvala for
 - Helse- og omsorg
 - Næring
 - Oppvekst, kunnskap og kultur
 - Areal, plan og miljø
- 2 personar i Kontrollutvalet

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Vigdis Villanger-Sp, Sveinung Toft-V, Ståle Hopland-Uavh)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke md 5 røyster (Malin Andvik-Krf, Anne Grete Eide-AP, Kenneth Murberg-H, Heine Fyllingsnes-H, Henning Fyllingsnes-H)

APM- 035/23 uttale:

Politisk styringsstruktur og reglement, gjeldande frå oktober 2023, vert vedteke som det ligg

føre til saka.

Utval for næringsutvikling og drift 08.02.2023:

Handsaming:

Olav Steinar Namtvedt-SP sette fram følgjande framlegg til uttale:

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner utvalet det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

11 personar i Formannskapet

7 personar i kvart av utvala for - Helse- og omsorg - Næring - Oppvekst, kunnskap og kultur - Areal, plan og miljø

2 personar i Kontrollutvalet

Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift støttar framlegget til oppdatert politisk styringsstruktur, med følgjande endring:

- Under punkt 5.1, blir første setning endre til "Utvalet skal ha 9 medlemmer..."

- Under punkt 7.1, blir første setning endra til "Utvalet skal ha 9 medlemmer..."

O.S. Namtvedt sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

S. Lavik sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke mot 1 røyst (O.S. Namtvedt-SP)

ND- 004/23 uttale:

Utvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Alver formannskap 09.02.2023:

Handsaming:

Ettersendt korigert vedlegg dat.08.02.2023 erstattar opprinneleg utsendt vedlegg.

Framlegg frå J.Hellestveit-SP:

I ein kommune av Alver sin storleik og med dei omfattande utfordringane vi står ovanfor meiner kommunestyret det er til innbyggjarane sitt beste at det store tenesteområdet som helse og omsorg utgjer, vert styrt gjennom eit eige utval. Med 41 folkevalde vert fordelinga mellom utvala då slik:

11 personar i Formannskapet

7 personar i kvart av utvala for

- Helse- og omsorg

- Næring

- Oppvekst, kunnskap og kultur

- Areal, plan og miljø

2 personar i Kontrollutvalet

Framlegget fekk 5 røyster og fall (L.Johnsen-MDG, J.Hellestveit-SP, S.Sekkingstad-SP, M.Klementsens-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, N.Øvreås-FRP, I.Fjeldsbø-H, N.M.Aadland-H, A.Hetlebakke-KRF, S.Lavik-KRF og M.Færø-uavh.).

FO- 015/23 innstilling:

Politisk styringsstruktur og reglement, gjeldande frå oktober 2023, vert vedteke som det ligg føre til saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for næringsutvikling og drift og utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kommunestyret vedtok følgjande verbalpunkt i møte 15.12.2022 sak 182/22 økonomiplan 2023-2026:

ENDRING I POLITISK STYRINGSSTRUKTUR FRÅ OG MED NESTE KOMMUNESTYREPERIODE 2023-2027
Kommunestyret skal ha 41 representantar og følgjande utvalsstruktur:

- Formannskap
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for levekår (helse- og omsorg, oppvekst, kunnskap og kultur)
- Utval for næring og drift

Ansvarsområda til levekår skal bestå av ansvaret helse- og omsorg og OKK hadde kvar for seg, elles forblir ansvarsområdene uendra. Ein ber om sak for å få oppdatert politisk styringsstruktur i tråd med dette i første møterunde etter jul. I same sak vil også ny fordeling av antal representantar i kvart utval bestemmes.

Det er og lagt inn ei setning under 3.17 spørsmål/interpellasjonar:

Spørsmål / interpellasjonar sendast til: sporsmal.interpellasjonar@alver.kommune.no

Alle endringar i reglementet er markert gult.

Innholdsfortegnelse og sidetal vert oppdatert etter vedtak er gjort i kommunestyret.

Vedlegg i saken:

08.02.2023	Politisk styringsstruktur og reglement - gjeldande frå okt.23 - framlegg etter vedtak økonomiplan 08.02.2023	1878879
08.02.2023	Politisk styringsstruktur og reglement - gjeldande frå okt.23 - framlegg etter vedtak økonomiplan 08.02.2023	1878879

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-010
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/22	Valstyret	01.12.2022
175/22	Alver kommunestyre	15.12.2022
027/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

Valstyret 01.12.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VAL- 002/22 innstilling:

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune vert halde på fastsett dag, måndag 11.september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

Alver kommunestyre 15.12.2022:

Handsaming:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 175/22 Vedtak:

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valstyret
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 er fastsett til 11.september.

Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val også sundag før den offisielle valdagen.

Saksopplysningar

Sakshistorikk

- Alver kommune, og tidlegare Radøy, Meland og Lindås, har ikkje avvikla val over to-dagar.
- Det har vore ein nedgang i kommunar som har avvikla to-dagars val frå 2009.
- Opningstider i vallokala i Alver var i 2019 og 2021 kl. 12:00 – 20:00

Vurderingsgrunnlag

- Veljarar som førehandsrøyster har auka ved dei siste vala.
- Det har ikkje kome tilbakemeldingar frå innbyggjarar at det er behov for gjennomføre valet over to dagar.
- To-dagars val krev ekstra ressursar – organisatorisk og økonomisk.

Kommunedirektøren si tilråding

- Kommunestyre- og fylkestingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 11 september 2023.
- Vallokala held ope frå kl.12:00 – 20:00

Vedlegg i saken:

22.04.2022

Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsva(54525)

1727859

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-010
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/22	Valstyret	01.12.2022
176/22	Alver kommunestyre	15.12.2022
028/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Kommunestyre- og fylkestingsval 2023. Val av røstekrinsar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek endring i røstekrinsane som vist i saksutgreiinga.

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

Valstyret 01.12.2022:

Handsaming:

Framlegg M.I.Wergeland-SP:

Tal røstekrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VAL- 003/22 innstilling:

Tal røstekrinsar vert oppretthaldne slik dei er i dag

Valstyre får delegert mynde til å velja vallokale i dei ulike krinsane.

Alver kommunestyre 15.12.2022:

Handsaming:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 176/22 Vedtak:

Saka er utsett til kommunestyremøtet 23.02.2023

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valstyret

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Kommunestyret, eller valstyret etter delegering, bestemmer kor mange røstekrinsar det skal vera i kommunen.

- Det er ikkje gjort endring i krinsane etter kommunesamanslåinga.

· Det er mange krinsar som krev mykje personell og logistikk

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Det har vore 21 røystekrinsar i Alver kommune. Tabellen under viser manntalsførde ved kommunevalet 2019 og fram møtte i dei ulike krinsane på valdagen 2015, 2019 og 2021.

Krins	Manntalsførde 2019	2015	2019	2021
Ostereidet	1 025	461	521	405
Kløvheim	371	222	227	213
Myking	257	123	152	141
Eikanger	449	237	257	226
Feste	268	152	147	150
Skodvin	491	242	283	244
Lindås	2 138	976	982	798
Leiknes	997	485	529	419
Alversund	2 869	1 230	1 291	1 081
Seim	837	430	469	425
Knarvik	2 391	993	1 040	658
Flatøy	222	199	225	184
Vestbygd	1 194	606	653	569
Sagstad	2 831	1 180	1 352	1 014
Grasdalen	796	393	414	312
Rossland	631	319	334	277
Husebø	187	103	94	94
Sæbø	1 069	565	519	448
Manger	1 518	725	792	552
Hordabø	924	462	443	348
Austebygd	472	260	245	225

Vurdering:

Det er nokre utfordringar med talet på røystekrinsar i Alver kommune. Nokre av røystekrinsane er så små at prinsipp om hemmeleg val kan vera i fare. Ein kan, etter vallova, ikkje grovtelja røystesetlane i vallokala dersom det ikkje er min.100 manntalsførde i krinsen. Det er ikkje lovfesta kor mange som må røysta i vallokalet for å grovtelja røystesetlane.

Det blir også nytta elektronisk kryssing i manntal, og veljarane kan då gå til den krinsen dei ynskjer i kommunen. Elektronisk manntal krav at det er god tilgang til internett i lokala. I tillegg må det vera minst 2 PC'ar i kvart lokale, i dei største lokala bør det vera minimum 3 PC'ar. Det er også krevjande å sikre bemanning av lokala, det skal vere minimum 5 personar i kvart røystelokale.

Det er også ein klar tendens at stadig fleire førehandsrøyster. Alver kommune har hatt

følgjande utvikling:

- Ved kommunevalet i 2015 var det totalt 21 030 manntalsførde i Radøy, Meland og Lindås, av dei var det 2 800 som førehandsrøysta.
- Ved kommunevalet i 2019 var det 22 168 manntalsførde i Alver kommune, av dei var det 4 682 som førehandsrøysta.
- Ved stortingsvalet i 2021 var det 21 100 manntalsførde i Alver kommune, av dei var det 8 346 som førehandsrøysta.

Til informasjon hadde Bjørnafjorden kommune 12 krisar ved kommunesamanslåing i 2019, dette vart redusert til 9 krisar i 2021.

For å sikre ei god gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalet i 2023, rår kommunedirektøren til ein reduksjon frå 21 til 14 røystekrisar. Følgjande endringar blir lagt fram:

- Myking krins går til Lindås krins
- Kløvheim krins går til Eikanger krins
- Feste krins går til Seim krins
- Skodvin krins går til Lindås krins
- Flatøy krins går til Sagstad krins
- Husebø krins går til Rosslund krins
- Austebygd krins går til Hordabø krins

Tabellen viser manntalsførte i dei ulike kripsane (etter 2019 tal) medrekna framlegg til endring.

Krins nr.	Krins namn	Manntalsførde 2019 (med endring 2022)
01	Ostereidet	1 025
02	Eikanger	820
03	Lindås	2 886
04	Leiknes	997
05	Alversund	2 869
06	Seim	1 005
07	Knarvik	2 391
08	Vestbygd	1 194
09	Sagstad	3 053
10	Grasdøl	796
11	Rosslund	818
12	Sæbø	1 069
13	Manger	1 518
14	Hordabø	1 396

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek endring i røystekrisane som vist i saksutgreiinga.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-080
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/23	Valnemnda	23.02.2023
029/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Fritak frå politiske verv i Alver kommune/nyval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Jannicke Helland innvilgast ikkje fritak frå RMNF ut valperioden.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Jannicke Helland (representant frå Mental Helse) har søkt om fritak frå RMNF verv ut valperioden. Fritakssøknaden har bakgrunn i eigen situasjon knytt til jobb og studie.

Søknad om fritak:

Eg søker om fritak for resten av inneverande valperiode som medlem i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i samsvar med Kommuneleva §7-9, andre ledd. Årsaka er at eg hausten 2022 tok til på studiet Master i organisasjon og leiing ved Høgskulen på Vestlandet. Dette er eit deltidsstudie og kjem i tillegg til full stilling som avdelingsleiar i skulehelsetenesta i Alver kommune. Eg ynskjer å investere tida mi på dette studiet, og ser at eg då ikkje greier å fylle rolla mi som medlem i RMNF på den måten eg skulle ynskja og vart valt inn til å gjere. Eg hadde ikkje planar om å ta studiet då eg vart valt inn i RMNF Alver.

*Med venleg helsing
Jannicke Helland
Representant frå Mental Helse*

Vurdering

Kommuneleva seier i § 7-9 at viss ein folkevald ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller henne, kan kommunestyret etter søknad frita den folkevalde frå vervet midlertidig eller for resten av perioden. Det skal vektleggjast om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet den folkevalde samtykka i å bli valt.

I søknaden viser det til at kombinasjonen med jobb og studiar, gjer det krevjande å fylle rolla som medlem i RMNF.

Møta i RMNF er normal i arbeidstida og studia er valde sjølv. Kommunedirektøren vurderer difor at krava til varig fritak i § 7-9 i kommuneleva ikkje er oppfylt.

Dersom kommunestyret vel å støtte søknaden, må Mental Helse kontaktes, for å kunne velge nytt medlem i RMNF.

Utdrag frå kommunelova:

§ 7-9.Uttreden og fritak

.... Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det....

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

... Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Hvis lederen av et folkevalgt organ trer endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.....

....Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.....

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-080
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Valnemnda	23.02.2023
030/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Uttreden frå politiske verv i Alver kommune/nyval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Som erstatning for Fridtjof Kampevold veljast:

- Ny 3. vara i utval for næringsutvikling og drift:.....
- Ny vara til styret Bjørn Vest:.....

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Vi har fått melding om at Fridtjof Kampevold døde 25.12.22.

Vurdering

Kommunelova seier i § 7-10 at viss ein folkevald trer endeleg ut av sine verv skal det veljast nytt medlem eller varamedlem. Dette er ikkje aktuelt til kommunestyret, kor det er automatisk opprykk.

Kommunestyret skal velje ny 3. vara (siste vara) til Næringsutvikling og drift og vara til styret Bjørn Vest.

Utdrag frå kommunelova:

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

... Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

....Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt.....

Gjeldande verv:

- 5. vara til kommunestyret (H)
- 3. vara i utval for næringsutvikling og drift
- Vara til styret Bjørn Vest, Olav Myhr er medlem.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Melding/orientering til kommunestyret 23.02.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Meldingar/orienteringar:

- Rekneskapsresultat 2022
- Protokoll representantskapsmøte IKT NH.09.12.2022
- Protokoll representantskapsmøte Region Nordhordland IKS 09.12.2022
- Protokoll representantskapsmøte Region Nordhordland Helsehus IKS 09.12.2022
- Protokoll Regionrådet 13.01.2023 med vedlegg.

Vedlegg i saken:

11.01.2023	Protokoll frå representantskapsmøte i IKT Nordhordland 09.12.2022 (L)(909923)	1863608
11.01.2023	Protokoll 2-2022 Representantskapet Region Nordhordland IKS 9. desember (L)(908384)	1863607
11.01.2023	Protokoll 2-2022 Representantskap RNHI, 9. desember (L)(908401)	1863606
14.02.2023	Protokoll Regionrådet 1-2023, 13. januar	1881271
14.02.2023	Sak 3-23. Presentasjon Regional plan for fornybar energi	1881272

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
186/22	Alver kommunestyre	15.12.2022
034/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Spørsmål

Vedlegg i saken:

14.12.2022	spørsmål til ordfører utsatt i KO 15.12.2022	1851539
15.12.2022	Spørsmål N.M.Aadland utsatt i KO 15.12.2022	1852848
16.02.2023	Skriftleg spørsmål til ordfører 23.02.2023	1881951
16.02.2023	skriftlig spørsmål til KO 23.02.2023	1881952